



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 16.09.2020  
**Møtetid:** Kl. 16:00  
**Møtestad:** Biblioteket på Bjørkheim

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

I byrjinga av møtet vil Bjørnefjorden landbrukskontor halda ein presentasjon.

Knut Harald Frøland  
ordfører

## SAKLISTE

### Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
047/2020	20/767	Faste saker	
048/2020	18/1508	Vigselsmynde for rådmann Ingebjørg Vamråk	
049/2020	20/730	Val av nye medlemmar til ungdomsrådet 2020-2022	
050/2020	19/804	Suppleringsval - Sakunnig nemnd for eigedomsskatt 2020-2023	
051/2020	19/1040	Plassering av dagsturhytta og val av tilleggselement	
052/2020	19/865	Andre gongs handsaming og endeleg vedtak av detaljreguleringsplan for Tømmerløypet	
053/2020	20/342	Finansrapportering 2.tertial 2020	
054/2020	20/342	Økonomirapportering pr august 2020	
055/2020	18/693	Vilkår for oppseiing av leigeavtalar i omsorgsbustader	
056/2020	20/355	Heis på kommunehuset	
057/2020	20/418	Premiss budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024	
058/2020	18/1787	Høyringsframlegg til forskrift om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger kommune	
059/2020	19/255	Statuttar for bruk av pengegåver til kommunal gåvekonto	
060/2020	19/255	Vurdering av eventuell stemning med krav om erstatning mot tidlegare barnevernsleiar, fylkesnemnda og tingretten	
061/2020	20/605	Plan og budsjett til førebuingfasen for å byggja opp eige barnevern i Samnanger	

#### Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerete vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/767	<b>Løpenr:</b> 20/7998
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.09.2020	047/2020

### Faste saker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
Delegerte vedtak/referatsaker.  
Utvalet sitt kvarter.

#### Oversikt over interpellasjonar:

Interpellasjon frå MDG v/ Øyvind Strømmen om «Lokallandbruk» og «Klimaarbeid og miljøfyrtårn»

#### Informasjon og referatsaker:

Heimeside  
Resterande svar til Frp på grunngjeve spørsmål slitt i kommunestyremøte 11.06.2020  
Vegnummerskilt - svar til Jon Magne Bogevik (A)  
Utskifting av vass- og kloakkrøyr på Tysse - svar til Jon Magne Bogevik (A)  
Fossen bratte  
VA/ GS-veg Eikedalen  
Tunnel Kvamskogen  
Moglegheitsstudie Bjørkheimsområdet  
Krav om KVU-utgreiing på arm frå E-134 til Bergen  
Opprop om lokal medbestemmelse i vindkraftutbygging



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FA-C84
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1508	<b>Løpenr:</b> 20/7971
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.09.2020	048/2020

### Vigselsmynde for rådmann Ingebjørg Vamråk

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmann Ingebjørg Vamråk får vigselsmynde i Samnanger kommune med verknad frå 16.09.2020. Heimel for vedtaket er ekteskapslova § 12 bokstav b.

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

- Ekteskapslova  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-07-04-47>)
- Rundskriv Q-11/2017 frå Barne- og likestillingsdepartementet  
(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-q-11-2017-om-kommunale-vigsler/id2572038/>)

#### Kva saka gjeld:

Stortinget vedtok for nokre år sidan å overføra vigselsmynde frå domstolane til kommunane med verknad frå 01.01.2018. Reglar om kven i kommunen som har vigselsmynde står i ekteskapslova § 12 bokstav b:

- «ordførere, varaordførere og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyret selv gir slik myndighet.»

I forarbeida til endringa i ekteskapslova 01.01.2018 vart det uttalt at det kan vera føremålstenleg at kommunen også har vigslarar som er politisk nøytrale.

Kommunestyret vedtok 16.11.2017 (sak 042/2017) å gje dåverande rådmann Charlotte Hageberg vigselsmynde. Vigselsmyndet hennar kom då i tillegg til ordførar og varaordførar sitt vigselsmynde (ordførar og varaordførar har lovbestemt tilsettingsmynde, jf. reglane i ekteskapslova § 12 bokstav b.)

Charlotte Hageberg slutta i kommunen 31.08.2020. Vigselsmyndet hennar opphørde automatisk då ho slutta i kommunen. Pr. i dag er det derfor berre ordførar og varaordførar som har kommunalt vigselsmynde i Samnanger.

Administrasjonen foreslår no at noverande rådmann, Ingebjørg Vamråk, får vigselsmynde med verknad frå 16.09.2020.

**Vurderingar og konsekvensar:**

I rundskriv Q-11/2017 frå Barne- og likestillingsdepartementet står det mellom anna følgjande om kven som kan få vigselsmynde i tillegg til ordførar og varaordførar:

- *«Kommunen må selv vurdere hvem som er egnet for oppgaven. Det er ikke krav om særlig kompetanse eller erfaring....»*

Administrasjonen ser det som naturleg at kommunen, i tillegg til ordføraren og varaordføraren, også har ein vigslar som er politisk nøytral. Pr. i dag vil det då vera naturleg at rådmann Ingebjørg Vamråk får vigselsmynde.

Det kan tenkjast to løysingar for å gje vigselsmynde til rådmannen:

1. Kommunestyret gir vigselsmynde på namn til den som er rådmann. Med dette alternativet må det gjerast nytt vedtak i kommunestyret ved skifte av rådmann.
2. Kommunestyret gjer vedtak om at den som til ei kvar tid er rådmann skal ha vigselsmynde.

Administrasjonen foreslår at alternativ 1 ovanfor vert brukt. Bakgrunnen for dette er at administrasjonen forstår det slik at lovgjevar sin intensjon er at kommunalt vigselsmynde til andre enn ordførar og varaordførar bør gjevast til konkrete personar som vert vurderte som eigna for oppgåva.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Daniel Borge Kristensen	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/730	<b>Løpenr:</b> 20/7505
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	16.09.2020	049/2020

## Val av nye medlemmar til ungdomsrådet 2020-2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande nye medlemmer i aldersgruppa 16-18 år til ungdomsrådet 2020 – 2022:

- Mia Holdhus
- Ida Haugen Skulstad
- Knut Erik Frøland

Dei fire medlemmane i ungdomsrådet som vart valde i 2019 fortset fram til 2021:

- Nora Haugen Skulstad (ungdomsskulen)
- Maren Sævild (16-18 år)
- Oda Reistad (ungdomsskulen)
- Olav Lien (16-18 år)

Elevrådet ved ungdomsskulen vel sjølv kven som skal vera ungdomsskulen sin tredje medlem i ungdomsrådet. Dette valet er enno ikkje gjennomført.

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv, med val av leiar og nestleiar samt kven av dei valde som skal vera høvesvis medlemmar og varamedlemmar.

### Dokument som er vedlagt:

Vedtekter for Samnanger Ungdomsråd oppdatert etter ny kommunelov 22.06.18

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)  
Elevrådet på ungdomsskulen sitt framlegg til kandidatar  
Søknad frå kandidatar i aldersgruppa 16-20 år

**Kva saka gjeld:**

Medlemmane i Samnanger ungdomsråd vert valde for 2 år om gongen. Sist val vart gjennomført i 2018. I utgangspunktet skal det no veljast 6 nye medlemmar og 2 varamedlemmar for perioden 2020-2022, men grunna endringar undervegs vil rådet ha nokre gamle og nokre nye medlemmar i perioden.

Etter *Vedtekter for Samnanger ungdomsråd* skal rådet ha 6 medlemmar og 2 varamedlemmar. Elevrådet på ungdomsskulen har ansvar for å koma med forslag på 3 representantar og 1 vararepresentant. 3 representantar med 1 vararepresentant frå aldersgruppa 16-18 år vert valde av kommunestyret. I følgje Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 5-12 skal medlemmane i ungdomsrådet ikkje vera fylt 19 år på valtidspunktet.

Førre val lukkast det ikkje å finna nok medlemmar til ungdomsrådet. Det første året i perioden var det derfor berre 5 medlemmar totalt, utan nokon varamedlemmar. Sommaren 2019 måtte Oskar Kienitz slutta på grunn av dei nye aldersreglane i kommunelova. På dette tidspunktet lykkast det medlemmane i ungdomsrådet å finna 4 nye kandidatar. Frå hausten 2019 til sommaren 2020 har det vore 6 medlemmer og 2 varamedlemmer slik det står i vedtektene.

Rådet fekk 4 nye medlemmar i 2019, som skal vera med fram til sommaren 2021. For perioden 2020-2022 skal elevrådet på ungdomsskulen velja ein ny medlem. Kommunestyret skal velja 3 nye medlemmar i aldersgruppa 16-18 år ut frå søknadane som er komne inn. Det er kome inn tre søknader. Søkarane er:

- Mia Holdhus
- Ida Haugen Skulstad
- Knut Erik Frøland

**Vurderingar og konsekvensar:**

Føremålet med ungdomsrådet er å fremma barn og unge sine interesser og tala deira sak i Samnanger kommune. Det er difor viktig at kommunen har eit ungdomsråd. Kulturkontoret har tidligare opplevd at aldersgruppa 16-18 år kan vera vanskeleg å nå. Me er difor svært positive til at fleire i denne aldersgruppa no ønskjer å vera med i ungdomsrådet. Me meiner at det er viktigare å sikra eit fungerande og fulltallig ungdomsråd, enn at alle medlemmar vert valt inn i rådet same år.

Framlegg for aldersgruppa 16-18 år er:

- Mia Holdhus
- Ida Haugen Skulstad
- Knut Erik Frøland

Elevrådet ved ungdomsskulen har på noverande tidspunkt ikkje valt kandidaten sin (den tredje medlemmen frå ungdomsskulen), men vil truleg gjera dette seinare i haust.

Dei fire medlemmane som vart valde i 2019 fortset fram til 2021:

- Nora Haugen Skulstad (ungdomsskulen)
- Maren Sævild (16-18 år)
- Oda Reistad (ungdomsskulen)
- Olav Lien (16-18 år)

Med denne løysinga (inkludert den tredje medlemmen frå ungdomsskulen som skal veljast i haust) vil det totalt vera vald 8 personar til ungdomsrådet. Som nemnt ovanfor står det i vedtektene at ungdomsrådet skal ha 6 medlemmer og 2 varamedlemmar. Administrasjonen foreslår at ungdomsrådet sjølv avgjer kven av dei valde som skal vera høvesvis medlemmar og varamedlemmar.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/804	<b>Løpenr:</b> 20/7967
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.09.2020	050/2020

## Suppleringsval - Sakunnig nemnd for eigedomsskatt 2020-2023

### Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Forslag vert lagt fram i møtet.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Eigedomsskattelova

Kommunelova

Samnanger kommune sine eigedomsskattevedtekter

### Kva saka gjeld:

Kommunestyret valde 05.12.2019 (sak 090/2019) medlemmer og varamedlemmer til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt 2019-2023.

Følgjande personar vart valde:

Medlemmar	Varamedlemmar i rekkefølge
Ove Sandvik (leiar)	Ole Totland
Kjell Roar Nordvik (nestleiar)	Monica Tjønna
Jorunn Mo Nilsen	Magnus Erdal

Ein av dei valde medlemmene, Jorunn Mo Nilsen, har etter kommunestyremøtet 05.12.2019 meldt frå til kommunen om at ho ikkje vil ta på seg vervet som fast medlem i nemnda.

Ho var varamedlem i nemnda i førre valperiode. Ho vart ikkje førespurt av arbeidsutvalet før kommunestyremøtet 05.12.2019 om ho var villig til å stilla til val som fast medlem i nemnda i valperioden 2019-2023. Ein annan person var opprinneleg foreslått som fast medlem i nemnda, men trekte kandidaturet sitt same dagen som kommunestyremøtet 05.12.2019.

Dette var årsaka til at Jorunn Mo Nilsen ikkje vart førespurt før kommunestyremøtet om samtykke til å stå som kandidat til plass som fast medlem i nemnda.



Kommunen si sakkunnige nemnd for eigedomsskatt er utnemnd med heimel i § 8 A-3 (4) i eigedomsskattelova (eskl).

I punkt 1.1. i Samnanger kommune sine eigedomsskattevedtekter går det fram at nemnda skal vera sett saman av tre medlemmer (leiar, nestleiar og medlem). Reglar om kven som kan veljast står i punkt 1.3 i eigedomsskattevedtektene:

- *Dei som er pliktige til å ta imot val til kommunestyret, er valbare og pliktige til å ta imot val til takstnemndene. Dette gjeld ikkje faste medlemmer av formannskapet, jf. eksl. § 21.*

Reglar om valbarheit og plikt til å ta imot val til folkevalde organ står i § 7-2 i kommunelova:

En person er valgbar og plikter å ta imot valg hvis følgende vilkår er oppfylt:

- a) Han eller hun har stemmerett ved kommunestyre- og fylkestingsvalg.
- b) Han eller hun er innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen eller i en av kommunene i fylket på tidspunktet for det aktuelle valget.
- c) Han eller hun har skriftlig samtykket til å stille til valg.

Val av nytt medlem til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt var på nytt oppe til behandling i kommunestyret 11.06.2020.

Saka (031/20) var ei samsak der kommunestyret gjorde suppleringsval av ulike verv til ymse nemnder, råd og utval. Arbeidsgruppa hadde til dette møtet ikkje lukkast i å finna ein kandidat som var villig til å ta på seg vervet som medlem i sakkunnig nemnd, så valet måtte utsetjast.

På bakgrunn av kommunelova sine reglar om kjønnsbalanse i folkevalde organ, må den nye medlemmen vera ei kvinne.

Det vert ikkje stilt krav til ein spesiell fagkompetanse for medlemmer av den sakkunnige nemnda.

Som nemnt ovanfor i saksframlegget, kan medlemmer i formannskapet ikkje vera medlem i den sakkunnige nemnda. Administrasjonen rår til at heller ikkje varamedlemmer i formannskapet vert valde som faste medlemmer i nemnda, sjølv om § 21 i eskl. neppe inneber eit forbod mot dette.

Arbeidsutvalet har vore i kontakt med fleire kandidatar og spurt om dei er villig til å stilla til val som medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt i Samnanger fram til 2023. Fleire har svara nei til dette. Ein person har bedt om litt betenkningstid på å komme med tilbakemelding.

Det betyr at arbeidsutvalet ikkje har fått eit endeleg svar når møteinnkallinga vert sendt ut ei veke før møtet.

Forslag til kandidat vert sett fram i kommunestyremøtet.

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Meline Heimdal Haugland	<b>Arkivkode:</b> FE-233, FA-C21
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/1040	<b>Løpenr:</b> 20/6546
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	03.09.2020	026/2020
Kommunestyret	16.09.2020	051/2020

**Plassering av dagsturhytta og val av tilleggselement****03.09.2020 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte einingsleiar innbyggjarservice, Meline Heimdal Haugland, om saka. Ho svarte òg på spørsmål frå medlemmene i formannskapet.

Jon Magne Bogevik (Ap) viste til at ubundne investeringsfond er foreslått som delfinansiering i saka, og spurde om kvar midlane på fondet/fonda er komne frå og kva midlane opprinneleg var tenkt brukte til. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet. Formannskapet bad administrasjonen om å orientera om dette i kommunestyret 16.09.2020.

Øyvind Røen (Sp) bad om at det til kommunestyret si handsaming 16.09.2020 vert lagt fram meir informasjon om kva konsekvensar ei eventuell dagsturhytte i Kvernesmarka vil få for Prestavegen som kulturminne. Administrasjonen fekk i oppgåve å undersøkje både dette og nøyaktig kva vegdekke som er tenkt brukt.

Odd Arne Haga (Frp) etterlyste informasjon om kva driftskostnader kommunen vil få med ei eventuell dagsturhytte. Formannskapet bad administrasjonen om å orientera om dette i kommunestyret 16.09.2020.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 mot 2 røyster.

<b>For</b>	<b>Imot</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Martin Haugen (Bl)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Strømmen (MDG)	

**FORM- 026/2020 Vedtak:**

Dagsturhytta vert plassert ved Kvernesvatnet. Tilkomsten vert gjort tilgjengeleg for elektrisk rullestol, med lys langs turløypa, og det vert sett opp toalettløysing med høg grad av tilgjenge.

<b>Totalkostnad</b>	<b>kr 3 025 000</b>
<b>Kommunal eigendel</b>	<b>kr 698 000</b>
<b>Forskottering spelemidlar</b>	<b>kr 1 298 000</b>

Jamfør KS-vedtak 084/2019 er det sett av kr 100 000 til dagsturhytta som vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Resterande kommunal eigendel på kr 598 000 vert også finansiert med ubundne investeringsfond. Kommunen søkjer om totalt kr 1 298 000 i spelemidlar i 2020 som må forskotterast. Forskottering vert finansiert med ubundne investeringsfond og tilbakeført når spelemidlane vert utbetalt. Me kan forventa utbetaling innan 2023.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Dagsturhytta vert plassert ved Kvernesvatnet. Tilkomsten vert gjort tilgjengeleg for elektrisk rullestol, med lys langs turløypa, og det vert sett opp toalettløysing med høg grad av tilgjenge.

<b>Totalkostnad</b>	<b>kr 3 025 000</b>
<b>Kommunal eigendel</b>	<b>kr 698 000</b>
<b>Forskottering spelemidlar</b>	<b>kr 1 298 000</b>

Jamfør KS-vedtak 084/2019 er det sett av kr 100 000 til dagsturhytta som vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Resterande kommunal eigendel på kr 598 000 vert også finansiert med ubundne investeringsfond. Kommunen søkjer om totalt kr 1 298 000 i spelemidlar i 2020 som må forskotterast. Forskottering vert finansiert med ubundne investeringsfond og tilbakeført når spelemidlane vert utbetalt. Me kan forventa utbetaling innan 2023.

**Dokument som er vedlagt:**

Kostnadsalternativ og finansieringsplan

Innspel og uttalelsar til dagsturhytteprosjektet

Uttale til politisk sak om dagsturhytte v. prosjektleiar i Vestland fylkeskommune

Kart med turpostar-turmål i området Samnanger Turlag spelar inn

Turpoststatistikk Prestavegen og Fitjavatnet turområde 1998-2019

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

KS-vedtak 084/2019 i møte 05.12.19

Epost med invitasjon til å søka om midlar til dagsturhytter i kommunane i Hordaland

Epostar med informasjon om prosjektet, pristilbod m.m.

*Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv – En satsing på friluftsliv i hverdagen 2014-2020*

*Saman om aktive liv – Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 v/Departementene*

*Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024, Samnanger kommune*

*Veileder: Tilrettelegging av turveier, løyper og stier v/kultur og kirke departementet (2008)*

*Overordnet klassifisering av tilgjengelighet (bevegelsehemmede) – friluft v/Kartverket (2019)*

Naturbase faktaark <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00083659>

Naturbase faktaark <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00083672>

**Kva saka gjeld:**

Kommunestyret vedtok i møte 05.12.19 sak 084/2019 at Samnanger kommune er positiv til etablering av dagsturhytte i kommunen. Det er sett av kr 100 000 i kommunal eigendel til hytta.

Dagsturhytta vert frakta til Samnanger i midten av november 2020 og grunnarbeidet må vera klart innan 16. oktober. Det er difor viktig å avgjera kor dagsturhytta skal plasserast, samt eventuelle tilleggselement, så snart som råd.

Kor dagsturhytta skal plassert er i utgangspunktet ei administrativ avgjersle. Det ligg føringar frå vestland fylkeskommune om kor og korleis dagsturhyttene bør plasserast. Prosjektgruppa peika tidleg ut Prestavegen - og seinare Kvernesvatnet - som ei god plassering. Prosjektgruppa har likevel vurdert at plasseringa bør vera ei politisk sak då det har kome inn eit sterkt ønskje frå Samnanger turlag om plassering i Totræna.

Begge plasseringane stettar dei fleste kriteria som er sett av fylkeskommunen, men har ulike kvalitetar og rettar seg mot ulike målgrupper.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Dagsturhytta skal vera eit lågterskeltilbod.

#### Mål med prosjektet

- Skape ein sosial møteplass i naturen
- Få fleire på tur og oftare på tur
- Vera ein attraksjon i seg sjølv
- Søkje ly, eta nista
- Dagsturhytte – bibliotek
- Bygge identitet – fellesskap
- Bli meir bevisst den unike naturen i Vestland – verta meir kjend i fylket

#### Om hytta

- 45 m2 utvendig
- 15 m2 innvendig
- Solcellepanel
- Peis
- Nynorskblibiotek

Kriterier for val av plassering vert omtala seinare i saksframlegget. Sjå [www.Dagsturhytta.no](http://www.Dagsturhytta.no) for meir informasjon om dagsturhytta og bileter frå gjennomførte prosjekt i tidlegare Sogn og Fjordane.


#### Tilleggselement

Toalett ved hytta er ikkje eit krav. Dersom hytta har universell tilkomst, eller tilkomst av høg grad av tilgjenge, er det eit krav om toalettløysing med høg grad av tilgjenge.

#### Prosjektgruppa

Prosjektgruppa består av prosjektleiar Meline H. Haugland, einingsleiar samfunnssutvikling Hilde-Lill Våge, byggjesakshandsamar Nina Fredriksen, planleggjar Ragnhild Lønningdal, avdelingsleiar teknisk drift Nils Jonny Skar, kulturkonsulent Daniel B. Kristensen.

Dei to plasseringane som er til vurdering:



I det neste vert det lagt fram tre alternativ ut frå dei to alternative plasseringane for dagsturhytta. Kvar alternativ vert presentert med ulike løysningar og kostnader:

- Kvernesvatnet med tilrettelagt turløype
- Kvernesvatnet med sti som den er i dag
- Totræna i tilknytning 5km langrensløype

#### Kostnadsalternativ og finansiering

- Jamfør KS-vedtak 084/2019 er det sett av kr 100 000 til dagsturhytta som vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Nye kostnader er kostnader over kr 100 000.
- Samnanger kommune har mottatt følgjande tilskot til dagsturhytta: kr 200 000 frå Vestland fylkeskommune, kr 100 000 frå Sparebankstiftinga Sogn og fjordane og kr 50 000 frå BKK.
- Kommunen søker om spelemidlar i tillegg til tilskota nemnd ovanfor. Storleik på tilskot og momskompensasjon vil variera ut frå totalkostnader og type tilskot. Til dagsturhytta og toalett kan me søka om 1/3 av kostnadane, til turløype kan me søka om 50% av kostnadane. Dess større totalkostnad dess meir vil me få i tilskot. Det kan ta nokre år før spelemidlane vert utbetalt og kommunen må forskottera utgiftene.
- I kostnader for dagsturhytta er det lagt til 50 000 i sikkerheitsmargin og i kostnader for tilrettelagt tursti er det lagt til kr 10% av totalskostnad i sikkerheitsmargin.
- Oppsett av kostnadsalternativ og finansieringsplan er lagt ved saka. Tilleggsløysningar som toalett, tilrettelegging av turløype og trekkør til beslysning er valfritt.



## **SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Ragnhild Lønningdal	<b>Arkivkode:</b> FA-L12
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/865	<b>Løpenr:</b> 20/6942
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### **SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Naturutvalet	01.09.2020	014/2020
Kommunestyret	16.09.2020	052/2020

### **Andre gongs handsaming og endeleg vedtak av detaljreguleringsplan for Tømmerløypet PlanID 1242201901**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 første ledd vert detaljreguleringsplan for bustad Tømmerløypet, PlanID 1242201901, vedteken av kommunestyret i Samnanger. Reguleringsplanen består av følgjande plandokument:

Plankart, dagsett 22.08.20, med følgjande utførte endringar etter offentleg ettersyn:

- Planområdet er utvida til å inkludera 35 meter ekstra av eksisterande kommunal veg mot nordaust, for å innlemma siktsona i planområdet.
- Teiknforklaringa er retta opp med følgjande element: Byggjegrænse, regulert senterline og tilkomstpål. Geodetisk høydgrunnlag er endra frå «NN1954» til «NN2000».

Reguleringsføresegner, dagsett 27.03.20

Planskildring, dagsett 27.03.20

#### **Dokument som er vedlagt:**

Plankart 1000 22082020

Reguleringsføresegner Tømmerløypet 27-03-20

Planskildring Tømmerløypet 27-03-20

ROS analyse Tømmerløypet

Situasjonsplan Tømmerløypet

Uttale til plansak Tømmerløypet med PlanID 1242201901

Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Tømmerløypet, Samnanger kommune

Offentleg ettersyn - Samnanger - Tømmerløypet - bustad - detaljregulering


NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Tømmerløypet - planID 1242201901 - Samnanger kommune

### **Kva saka gjeld:**

Detaljreguleringsplan for Tømmerløypet har lege ute til offentlig ettersyn og høyring i perioden 6. mai til 19. juni 2020. Planen er no klar for 2. gongs handsaming i naturutvalet og endeleg vedtak i kommunestyret.

For kommunestyret, som ikkje har handsama saka tidlegare i prosessen, vert det gjeve følgjande skildring av planprosessen:


Det vart halde oppstartsmøte for detaljreguleringsplan for bustad i Tømmerløypet 16. september 2019. Planområdet er lokalisert langs den kommunale vegen Hagabakkane, rett nedanfor Hagabotnane idrettsanlegg. Planområdet er 4,2 daa og ligg innanfor framtidig bustadområde i kommuneplanen, områdekode B21. Føresegnene til kommuneplanen krev utarbeiding av reguleringsplan før utbygging kan skje. Området ligg innanfor gbnr. 26/9, med kommunen som grunneigar. Forslagsstillar er Helge Hope, og det er inngått avtale om kjøp av arealet. Plankonsulent er FanAgro AS, og dei varsla oppstart av planarbeidet 7. oktober 2019.



*Figur 1. Planområdet synt med svart markør på kommuneplankart.*

Reguleringsplanen vart sendt på høyring og låg ute til offentlig ettersyn i perioden 6. mai til 19. juni 2020. Innkomne uttalar vert handsama under avsnittet «Vurderingar og konsekvensar».

Detaljreguleringsplanen består av plankart, føresegner, planskildring, situasjonsplan og ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse). Det er plankartet og føresegnene som skal gjerast juridisk bindande, medan dei andre plandokumentane er bakgrunnsmateriale og rettleiande.



Figur 2. Utsnitt av reguleringsplankartet.

Planen er 4,5 daa og femner om èi enkelt bustadtomt, som kan byggjast ut med einebustad eller tomannsbustad. Vidare femner planen om den kommunale vegen Hagabakkane langs tomta, samt avkøyring frå denne til tomta, og tilkomstveg vidare sørover for eventuell framtidig utbygging. Sjølve tomte er 3140 m<sup>2</sup>.

I føresegnene til kommuneplanen er det rekkefølgekrav om trygg tilkomst til kollektivhaldeplass:

2.2. Byggeområde for bustad med gjennomføringszone som krev reguleringsplan kan ikkje byggjast ut før det er regulert fortau, eller gang- og sykkelveg fram til kollektivhaldeplass.

Heimel: pbl. § 11-9, nr. 4

2.3. Det skal teiknast utbyggingsavtale om istandsetting av infrastruktur før byggeområde for bustad med gjennomføringszone kan byggjast ut.

Heimel: pbl. §11-9 nr. 2.

Ein lyssett tur-/gangveg er i kommunal regi under prosjektering frå Hagabotnane idrettsanlegg til Steinslandsvegen. Denne er det også avsett midlar til bygging av, og dette er planlagt gjennomført i løpet av 2020. Prosjektet er ein føresegnad for at denne reguleringsplanen kan godkjennast, og det er teke eit rekkefølgekrav med i føresegnene som skal sikra dette. Rekkefølgekravet krev at kommunen og tiltakshavar skal teikna utbyggingsavtale om gjennomføring.

I ekstra naturutvalsmøte 23. juni vart ei problemstilling knytt til utbyggingsavtalen i saka handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

*NAT- 011/2020 Vedtak:*

*Gjennom utbyggingsavtalen skal det ikkje krevjast bidrag til gangvegen frå tiltakshavar.*

Vedtaket kan følgjast opp av administrasjonen utan endringar i planmaterialet som har lege ute til offentlig ettersyn.

Tilkomst til tomte skal skje med ny avkøyrsløp frå kommunal veg. Siktliner er synt i plankartet, og innanfor desse skal det ikkje vera vegetasjon eller tiltak høgare enn 0,5 meter over vegen. Etter offentlig ettersyn er planområdet mot nordaust utvida med 35 meter eksisterande kommunal veg, for å innlemma siktsona i planområdet. For å leggja til rette for tilkomstveg til resten av B21 ved ei eventuell framtidig regulering av dette, er det regulert inn ein tilkomstveg langs heile austsida av byggetomta. Tiltakshavar har ingen krav om å etablere denne, då det er ei eventuell regulering på sørsida som utløyser behovet for vegen.



Føresegnene til kommuneplanen opnar for at reguleringsplanar kan ha ei utnyttingsgrad på 50 % BYA (bebygd areal). I denne planen er bebygd areal sett til BYA 35 %, noko som vil gje ei byggjeflate på 1009 m<sup>2</sup>. Dette vil gje tilstrekkeleg storleik til både bustad og parkeringsgarasje. Maks mønehøgde er sett til +123 (m.o.h.), og planeringshøgde er sett til (+114 m.o.h.). Dette legg til rette for eit bygg på tre etasjar, 9 meter høgt. Me meiner at terrenget på staden høver godt for eit så høgt hus, og føresegnene krev at byggjehøgder, fyllingar og skjeringar skal tilpassast landskapet. Det er også teke med eit forbod i føresegnene mot murar høgare enn to meter.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Innkome uttalar til høyring og offentleg ettersyn:

NVE har kome med generell fråsegn, då det ikkje var bede om bistand til nokon spesiell problemstilling. Dei peikar på at det er kommunen sitt ansvar at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggjeløyve og dispensasjonar. Etter administrasjonen sine vurderingar er alle råd og rettleiarar følgde gjennom utarbeidinga av planmaterialet.

Fylkesmannen kom med fråsegn om at deira innspel til oppstartsmeldinga i det alt vesentlege var følgd opp i planmaterialet. Fylkesmannen meiner at skildringa av folkehelse i planen er heller tynn, men kommenterer ikkje vidare på det av di planen er såpass liten. Fylkesmannen konkluderer med at dei ikkje har nokon vesentlege merknader til planframlegget.

Fylkeskommunen uttalar at trygg ferdsle for mjuke trafikantar til næraste kollektivhaldeplass bør vera på plass før ei vidare utbygging av området. Regional plan for folkehelse vektlegg og at universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga. Det vert oppmoda om at universell utforming vert lagt til grunn i vidare planlegging av utbygginga.

Vidare påpeikar fylkeskommunen at all utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Ein bør særleg taka omsyn til arkitektur, materialval og terrenginngrep i prosessen vidare.

Fylkeskommunen konkluderer med at dei har ingen vesentlege merknader til planen, men ber om at ein i det vidare legg særleg vekt på barn og unges interesser og universell utforming, trygg ferdsle samt kulturminne.


Administrasjonen har ingen framlegg til endringar i planmaterialet for å følgja opp fylkeskommunen sin uttale. Alle tema vert ivareteke gjennom å sikra at byggjesakshandsaminga føl opp føresegnene til planen, samt plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

BIR ber om at det i samband med byggjeløyve vert sendt inn ein enkel RTP (renovasjonsteknisk plan) slik at avfallsløysinga kjem på plass i rett tid.

Private merknadar: Det er ikkje kome inn nokon private merknadar til planframlegget, med unntak av tiltakshavar sine innvendingar som vart handsama av naturutvalet 23. juni i sak NAT - 011/2020.

Administrasjonen har etter nærare ettersyn av plankartet funne fire punkt som må endrast i plankartet, for å vera i tråd med nasjonal produktspesifikasjon for arealplankart (NPAD) og handboka N100 Veg- og gateutforming. Det er gjort følgjande endringar i plankartet etter offentleg ettersyn:

- Planområdet er utvida til å inkludera 35 meter ekstra av eksisterande kommunal veg mot nordaust, for å få siktsona innanfor plangrensa. Sjå figur 3.
- Teiknforklaringa er retta opp med følgjande element: Byggjegrænse, regulert senterline og tilkomstpil. Geodetisk høydgrunnlag er endra frå «NN1954» til «NN2000».



Figur 3. Til venstre er plankartet ved offentlig ettersyn, til høyre med utvida planområde for å innlemme frisiktsona. Arealet er eksisterende kommunal veg og vegkant.

Avsluttende vurdering: Administrasjonen råder til at det vert gjort endeleg vedtak av detaljreguleringsplan for bustad Tømmerløypet, med utvida planområde for 35 meter eksisterende kommunal veg.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Erdal	<b>Arkivkode:</b> FE-200, TI-&14
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/342	<b>Løpenr:</b> 20/7874
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	16.09.2020	053/2020

## Finansrapportering 2.tertial 2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2020 vert tatt til orientering.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.

### Kva saka gjeld:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Ny kommunelov gjer at det i løpet av 2020 må vedtakast nytt finansreglement. Kommunestyret vedtok gjeldande reglement 30.juni 2016.

### Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) er pr august 0,0 % på driftskonto, 0,45 % på fondskonto og 0,1 % på skattetrekkkonto. Renta i DNB er på 0,0 %. Renta er no så låg at kommunen i realiteten betalar for å ha pengar i banken. Det må vurderast om noko av midlane skal plasserast på andre måtar som likevel kan sikre god likviditet.
- Pengemarknadsfondet "Pluss-fondet" hadde pr. 31.12.19 ein verdi på kr 273 609,46. Pr august har fondet hatt ein verdioppgang på 0,9 % (1,4 % pa.)
- Totalt er det 34 mnok disponibelt på konti og kommunen har god likviditet.

	31.12.2018		31.12.2019		30.04.2020		31.08.2020	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	7,10	14 %	14,05	26 %	5,53	15 %	17,34	51 %
Innskot i SPV (fondskonto)	40,52	82 %	37,74	71 %	30,74	82 %	14,74	43 %
Innskot i DNB	1,64	3 %	1,40	3 %	0,99	3 %	1,70	5 %
Pengemarknadsfond:								
Pluss – fondene	0,27	1 %	0,27	1 %	0,26	1 %	0,26	1 %
Samla kortsiktig likviditet	49,53	100 %	53,45	100 %	37,52	100 %	34,04	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjefond	-	-	-	-	-	-	-	-
Tidsinnskot								

#### Lån- og rentevilkår:

- Det er vedtatt å ta opp eit lån i 2020 på 14,5 mnok til finansiering av investering i vatn og avløp (VA). Lånet vil bli tatt opp seinare i haust når me ser lånebehovet i 2020 opp mot det som er unyttta lånemidlar pr 1.januar 2020.
- Startlån på 2 mnok er tatt opp i Husbanken. Så langt i år er det gitt eit startlån på 1,4 mnok.
- Skottabakken: Byggerekneskaper er under arbeid og vil bli sendt til Husbanken seinare i år slik at tilskotet kan utbetalast. Byggjelånet på 10,486 mnok vil då bli betalt tilbake.
- Renta på lån er no nede i 1 % i Kommunalbanken på lån som ikkje har bunde rente. Me forventar at lånerenta i KLP vil vere på tilsvarende nivå. Den låge renta er knytt til at styringsrenta vart sett ned til 0 % i rentemøtet i Norges bank 6.mai 2020. Bakgrunnen for at styringsrenta er blitt redusert er Korona-epidemien og korleis dette har påverka norsk økonomi. Det er forventa at renta vil halde seg låg ei god stund framover.
- Kommunen har no 45 % av lånegjelda med bunde rente. Høg del av lånegjelda med bunde renta sikrar forutsigbarheit, men vil ha ein kostnad. Me vurderer fortløpande om ein større del av lånegjelda bør ha bunde rente. Slik situasjonen er no vert det vurdert at det er låg risiko for renteauke.

	31.12.2018		31.12.2019		30.04.2020		31.08.2020	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	160,27	70 %	86,09	34 %	136,72	54 %	138,24	55 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	68,58	30 %	167,07	66 %	114,43	46 %	112,66	45 %
Finansielle leasing								
Samla langsiktig gjeld	228,85	100 %	253,16	100 %	251,15	100 %	250,90	100 %
Antall løpende enkeltlån	24		20		20		21	
Største enkeltlån	46 MNOK		58 MNOK		58 MNOK		58 MNOK	
<b>Rentevilkår:</b>								
KLP: flytande	1,80 %		2,16 %		1,40 %		1,40 %	
fast	1,77 % - 1,83%		1,83 %		-		-	
Kommunalbanken: flytande	1,85 %		2,40 %		1,40 %		1,00 %	
fast	2,47 %		2,25 - 2,47 %		2,25 - 2,47 %		2,25 - 2,43 %	
Husbanken: flytande	1,41 %		1,88 %		2,00 %		0,93 %	
fast	2,40 %		2,40 %		2,40 %		2,40 %	



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 20/342	Løpenr: 20/7689
Sakstype: Politisk sak	

## SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.09.2020	054/2020

## Økonomirapportering pr august 2020

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapporteringa vert tatt til orientering og det vert foretatt fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ inntekt ned	Utgift ned/ inntekt opp
Eigedomsskatt		1 585 000
Advokatutgifter klagesak	45 000	
Utbytte frå BIR		559 000
IMDI	209 200	
barnevern Bergen kommune		470 000
Havbruksfond	1 401 800	
IKT	500 000	
Barnehage, styrka	630 000	
Barnehage, redusert foreldrebetaling	190 000	
Sjukeheim, sal av plassar	200 000	
Introduksjonsstønad		562 000
Fiber Myra vassverk	100 000	
Bunde investeringsfond		100 000
Sum	3 276 000	3 276 000

## Kva saka gjeld:

Det vert rapportert til kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr august 2020. Rapporten kjem i tillegg til finansrapportering pr 2.tertial. Det vert sett på inntektsområde som skatt, rammeinntekter, eigedomsskatt mm. I tillegg er einingane sine budsjettområde gått igjennom. Korona-situasjonen vil påverka fleire av einingane i lang tid framover og har mellom anna ført til at vikarbruken er høgare enn normalt på enkelte einingar.

Einingane rapporterer på økonomi i «Framsikt» som har erstatta KS sitt «Bedre styring» som

rapporteringsverktøy på økonomi. Kommunen skifta økonomi og lønssystem i mai frå Agresso til Visma. Overføring av rekneskapsdata for dei første 4 månadane i 2020 frå Agresso til Visma var på plass i juni/ juli. Første rapportering i Framsikt etter overgangen var no pr juli. På sikt skal Framsikt og brukast som eit rapporteringsverktøy til politisk nivå.

### Skatt- og rammeinntekter:

Pr august er skatteinntektene 1,6 mnok lågare enn budsjettet. Det er inkludert kompensasjon frå staten for bortfall av skatteinntekter pga. korona med kr 240 000. Samnanger kommune har lågare skatteinngang samanlikna med resten av landet og noko av inntektsbortfallet er kompensert med auka inntektsutjamning. Pr juli ligg Samnanger på 92,4 % av landsgjennomsnittet før inntektsutjamning. På same tid i fjor låg kommunen på 90,7 %. Pr juli er det mottatt kr 400 000 meir i inntektsutjamning enn det som er budsjettet. Inntektsutjamning for august vil vere klar ca. 20.september. Det er og betalt ut kr 260 000 i ekstra rammetilskot knytt til basis og grunntilskot lege, sårbare barn og unge og barnehagemiljø.

Korona-situasjonen har ført til at kommunen har fått auka utgifter på ei rekke områder. Vikarutgiftene har naturleg nok auka knytt til både reglar for karantene, terskel for å vere heime og kohort-organisering mm. I tillegg er det, og har vore auka utgifter til reinhald, smittevern mm. Prisane på smittevernsutstyr har auka kraftig i denne perioden. For eksempel så kostar no ein kartong med desinfeksjonssprit kr 2900 , før korona var prisen kr 800. Stillinga til kommuneoverlegen/smittevernlege vart og ein periode auka opp for å handtere situasjonen. Kommunen hadde og reduserte inntekter frå foreldrebetaling barnehage og sfo i mars/april og forventar og reduserte inntekter frå skatt. Alle utgifter og inntekter er i rekneskapen ført med eit eiga prosjektnummer.

Staten har pr august betalt ut fylgjande ekstra tilskot knytt til korona:

Reduserte skatteinntekter	Kr 240 000
Utsett statleggjing av skatteoppkrevjar til 1.november 2020	Kr 297 000
Kompensasjon for tapt inntekt barnehage og sfo (inkl. privat kr 76 400)	Kr 484 000
Generelt koronatilskot	Kr 1 947 000
Ekstra skjønsmidlar	Kr 200 000

I tillegg til tilskot vart sats for arbeidsgjevaravgift redusert med 4 % for 3.termin. For Samnanger kommune vart kr 1 080 431 betalt tilbake til kommunen og redusert utgift er fordelt på einingane. Arbeidsgjevarperioden for sjukemelde med korona-relatert fråvær vart og redusert frå 16 til 3 dagar. Kommunen arbeidar med å få sendt inn refusjonskrav på dette fråværet. Pr no er ikkje denne refusjonen lagt inn i rekneskapen.

Regjeringa har sagt at kommunane skal få ytterlegare kompensert for kostnad med testing, isolering, sporing og karantene. Kva beløp det er snakk om er det pr no ikkje sagt noko om.

Kommunen har og fått utbetalt tilskot til vedlikehald og rehabilitering på 1 mnok for å auka aktivitetsnivået i næringslivet.

Oppsummert: Netto skatt, ramme og inntektsutjamning viser ein inntektssvikt på 1 mnok. Skatteinngangen i september og november vil som vanleg ha stor betydning for korleis dette vil bli pr 31.12. Det er og visse forventningar til at kommunane vil få kompensert for redusert skatteinngang knytt til korona. Me forventar at dette vil bli avklart før neste rapportering og avventar situasjonen litt.

**Konsesjonskraft:** Kommunen selde hausten 2019 krafta i 2020 til garantert pris. Dette har vist seg å vere svært gunstig. Det er budsjettet med netto inntekt i 2020 på 5,9 mnok.

**Eigedomsskatt:** Som nemnt i rapporteringa pr april har klagenemnda for eigedomsskatt behandla ei klage frå Statnett frå 2018. Vedtaket i klagenemnda vil gje kommunen kr 270 000 i meirinntekter pr år samanlikna med forrige vedtak. Statnett har 6 mnd klagefrist på vedtaket. Klagefrist er 16. desember. Pr no har dei ikkje sendt klage. I uttalen som Statnett sendte i 2018 før klagebehandlinga argumenterte dei for at taksten burde vera endå lågare. Ved rekneskapsavslutninga vart det både i 2018 og 2019 tatt omsyn til at taksten kunne bli sett ned og det vart sett av til saman kr 885 000 i rekneskapan. For Statnett vil nok ikkje auken på kr 270 000 pr år vere det store beløpet, spørsmålet er om dei ser avgjerda som ei prinsippsak eller om dei vurderer beløpet mot det dei meiner taksten burde vere. Me kan velja å ta meirinntekta til inntekt i 2020 eller vente til etter at klagefristen er ute. Dersom dei likevel skulle klage på vedtaket, må kostnad med klage og evt redusert inntekt då finansierast i 2021-2022. Kommunen har hatt bistand frå Advokatfirmaet Lund & co. til handsaming av klagen og kostnad fram til avgjera i klagenemnda er på kr 45 000. Me legg til grunn at Statnett ikkje kjem til å klage på vedtaket. Totalt sett kan me då auke budsjettet med totalt kr 1 585 000, dette inkluderer meirinntekt i 2020 på kr 700 000. Kr 45 000 vil gå til å dekke kostnad til advokatutgifter i klagesaka.

**Utbytte frå BIR:** I bedriftsforsamlinga i BIR 12.06.20 vart det vedtatt å betale ut 88 806 mnok i utbytte for rekneskapsåret 2019. Samnanger kommune sin eigardel er på 0,88 %. Dette gir kr 778 906,83 i utbytte. Det var budsjettet med kr 220 000 , dvs. meirinntekt på kr 558 906.

**IMDI (integrerings og mangfoldsdirektoratet):** Kommunen tok i 2016 og 2017 imot flyktningar som kommunen får integreringstilskot for i 5 år. I Samnanger er det fleire av personane som har flytta og mottatt tilskot vil derfor bli kr 209 200 lågare enn budsjettet. Dette ser me og påverkar integreringstilskot og sosialhjelp.

**Barnevern:** Kommunen har i 2019 og 2020 gjennomført gransking av eldre barnevernssaker i 3 familiar. I 2020 er oppreisingsvedtak på til saman kr 1 150 000 finansiert ved bruk av disposisjonsfondet. Kostnad med granskingsrapporten inkludert vurdering av teieplikt, er på kr 224 000 og er ikkje finansiert. Kostnad med å vurdere søksmål er finansiert med til saman kr 350 000. Siste faktura frå advokatfirmaet Elden er ikkje mottatt. Kommunen har og hatt kostnad med lovlegkontroll som det ikkje er løyvd ekstra midlar til. I sommar sende kommunen inn ein søknad til Fylkesmannen om ekstra skjønsmidlar til denne granskingssaka. Kommunen vil truleg ikkje få svar før i oktober om det vil bli gitt tilskot. I 2019 fekk kommunen utbetalt kr 1 204 000. Kostnad var då kr 1 600 000. På bakgrunn av det vil me vente til me får svar frå fylkesmannen før me finansierer kostnaden. Det er pr august gitt ca kr 70 000 i gåve til barnevernsgranskinga.

Kommunen kjøper i 2020 barneverntenester frå Bergen kommune. Prognose pr juni viser ei forventa innsparing på om lag kr 470 000. Pr juni er det plassert 5 born i beredskapsheim og statlege fosterheimar.

**Havbruksfond:** Kommunen har fått tilskot frå havbruksfondet sidan 2017. Utbetalingane har variert frå kr 43 000 i 2017 til 2,3 mnok i 2018. I budsjettet for 2020 vart det lagt inn ei forventa utbetaling på 2,2 mnok basert på det som tidlegare var sagt om høg utbetaling anna kvart år. Det vil kome endringar i fordeling av midlar frå havbruksfondet som vil gjelde frå og med 2022. 2020 og 2021 vil vere overgangsår. Utbetaling i 2020 vil bli i oktober. Informasjon om fordeling av 1 mrd. vil bli lagt ut på fiskeridirektoratet sine heimesider om kort tid. Basert på fordelingsnøklane i 2019 er det mykje som tyder på at tilskotet vil bli lågare enn budsjettet. Dersom fjorårets fordelingsnøkkel vert brukt, vil tilskotet bli på kr 700 000 Forventa tilskot er i budsjettet sett av til disposisjonsfondet. All avsetning til disposisjonsfondet er i løpet av 2020 disponert og me bør redusera forventa tilskot frå havbruksfondet.

#### **Rådmann, økonomi og HR.**

Det er ikkje meirforbruk på budsjettet. Lønsoppgjeret for 2020 er ikkje klart, men me har

forventingar til at det kan bli lågare enn det som var lagt inn i budsjettet.

**IKT:** her ligg det an til eit meirforbruk på om lag kr 500 000.

I februar i 2020 fekk kommunen ein faktura frå IKT-Norhordland (IKTNH) som gjaldt 2019. Fordi faktura kom så seint, måtte fakturaen førast som kostnad i 2020. Kostnad som gjeld IKT var på kr 213 000. Tidleg i 2020 vart det bestemt å ta i bruk rapporteringsverktøyet Framsikt og leiarverktøyet Motivati. Denne kostnaden låg ikkje fullt ut inne i budsjettet og kom på kr 313 000. Noko av dette vil eininga klare å dekke av eigne midlar.

IKTNH informerte i møte 03.09.20 om at rådmennene i IKTNH-kommunane har bestemt at dei ikkje skal ha PC-ar som er eldre enn 6 år. Samnanger har ifylgje IKTNH si oversikt 49 stk. som er i denne kategorien. 31 er av desse er elev pc-ar og eit samla innkjøp kan førast i investering. IKTNH har bedt kommunane om å melda inn kor mange som skal bestillast no. Frist er 11.09.20. Dette er det ikkje tatt høgde for i budsjett for 2020. Det bør lagast ein utskiftingsplan slik at det kan leggest inn i budsjett og økonomiplan. I 2015 er det 64 pc-ar som bør skiftast ut i 2021. Dersom me utset årets utskifting er det snakk om totalt 113 PC-ar som bør skiftast ut i 2021.

#### **Einingane:**

Korona-pandemien har skapt utfordringar for fleire einingar. Prisane på smittevernsutstyr har auka kraftig og vikarbruken har og auka mykje på enkelte einingar. Forventa sjukerefusjon knytt til epidemien er ikkje inntektsført pr no og gjer at det er utfordrande å skaffe seg ein god oversikt over den økonomiske situasjonen. Me vil derfor kome tilbake med ei ny rapportering på avvik litt seinare i haust.

**Barnehageeiningane:** Dei to barnehagane er no etter sommaren gått frå ei eining til to einingar og dei to avdelingsleiarane er no blitt einingsleiarar. Det er auka utgifter til tilrettelegging for born med særskilt behov som er den store utfordringa i begge barnehagane. Dette er ei lovpålagt oppgåve etter § 19 g i barnehagelova. Noko var lagt inn i budsjettet for 2020, men utgifta har blitt langt høgare enn forventa. For dei to barnehagane er det snakk om til saman ca. kr 630 000 i auka lønsutgifter til styrka tiltak. Det er og færre born i barnehagane enn budsjettet, noko som gir lågare inntekt frå brukarbetaling med kr 190 000. Dette er avvik som ikkje er relatert til pandemien og som bør budsjettjusterast no.

Begge barnehagane har i tillegg avvik på løn. Me vil ta ei ny vurdering når sjukerefusjon er bokført. Det er likevel klart at barnehagane har ein utfordrande økonomisk situasjon og at dei må spare utgifter der dei kan.

**Barneskulen:** Eli Kristin Berge er tilsett som ny rektor på barneskulen frå august.

Økonomirapporteringa for barneskulen viser at økonomien er anstrengt. Dersom det ikkje vert tatt grep vil dei ikkje klara å halda budsjettet. Sjukerefusjon er pga. overgang til nytt system og ferieavvikling ikkje inntektsført for juli og august. Dette vil vere på plass om nokre dagar.

**Ungdomsskulen:** Eininga har god kontroll på budsjettet. Dei har svært låge utgifter til vikar og brukar og ny kunnskap med undervisning via Teams i klasserommet når lærar er heime med for eks sjuke born.

**Skule og barnehageadministrasjon:** Det usikre momentet her er gjesteelevar på skule og barnehage i andre kommunar. Spesielt når det gjeld barnehage får kommunen ofte ikkje beskjed før etter at perioden er over, dvs. i juni eller i desember/ januar. Pr no er det ikkje avvik her.

**Sjukeheim og heimetenester:** Dette er den eininga som er blitt mest påverka av korona-epidemien. Dei har ei utsett brukargruppe og strenge smittevernstiltak vart sett i verk frå dag ein. Det har vore eit sterkt press på både leiarar og tilsette.

Korona-pandemien har naturleg nok gitt auka bruk av vikar. Det har og vore utfordringar med å skaffe nok vikarar og det har ført til meir bruk av overtid, forskyving av vakter og ekstra betaling i helg. I Samnanger er det ikkje ventetid på testing for sjukepleiarar/ hjelpepleiarar og vanlegvis får dei svar dagen etter. Sjølv om ventetida er kort så aukar vikarbruken. Eininga har i tillegg og hatt auka



utgifter til arbeidstøy/ smittevernsutstyr mm. Denne auken er så langt finansiert med auka rammetilskot som kom før sommaren.

Tidlegare år har dei brukt vikarbyrå for å løyse behovet for ferievikar. Det var ikkje mogeleg i år og ferievikarbehovet vart løyst ved at tilsette endra/reduerte ferien sin, meir bruk av overtid osv. Mangel på vikar har og ført til meir bruk av ufaglærte. Slik situasjonen ser ut pr no vil eininga ha bruk for å få styrka budsjettet sitt. Sjukerefusjon og ytterlegare tilskot frå staten vil avhjelpe situasjonen og me ser situasjonen litt an. Det som er klart er at utan tilskot frå staten kan sjukeheimen få avvik mot budsjett på fleire millionar.

Det var budsjettert med sal av plassar på sjukeheimen med kr 850 000. Pr no er det selt plassar for kr 240 000 og det er ikkje avtalt meir sal. Me reduserer forventa inntekt med kr 200 000.

**Eining for funksjonshemma:** Eininga skriv i kommentar til økonomirapporteringa at dei har hatt ein del ekstra utgifter til vikar, arbeidstøy og medisinsk forbruksmateriell. Pr august ser det likevel ut til at det meste av ekstrakostnaden vert løyst innafor den tildelte budsjetttramma.

**Helse:** Auka utgifter knytt til korona-pandemien (auka stilling smittevernlege, overtid, medisinsk materiell, automatisk dørøpner mm) er dekkja av auka rammetilskot som kommunen har fått. Det er ikkje budsjettavvik pr august.

**Eining for samfunnsutvikling:** Det er ikkje avvik på budsjettet for teknisk forvaltning eller teknisk drift. Nokre prosjekt er ikkje starta opp eller er forseinka. Dette skuldast både korona-pandemien og sjukemeldingar på eininga. Inntektene frå byggesak og oppmåling er om lag som budsjettert.

**Eining for innbyggjarservice:** Både servicesenteret og kulturkontoret har budsjettet under kontroll. Nav og flyktningkontoret har innsparing. Hovudforklaringa er knytt til at det er færre personar på introduksjonsstønad enn budsjettert. Dette kan og sjåast i samanheng med at kommunen får mindre i integreringstilskot enn forventa pga av utflytting. Totalt sett er det innsparing på introduksjonsstønad på om lag kr 562 000. Prosjektet «snu i døra» har tidlegare gitt lågare utgifter til ytingar til sosialhjelp, men korona-pandemien har sett spor også her. Dersom me ikkje får full nedstenging igjen reknar me med at denne trenden vil snu

### Investeringsbudsjettet.

Det er budsjettert med fleire prosjekt i 2020. Dei største prosjekta som til dømes Skottabakken vil det kome eige byggjerekneskap på. Byggeleiar frå Abo har anslått meirforbruket til 3,6 mnok. Dette er 0,6 mnok meir enn tidlegare varsla.

Andre prosjekt	Budsjett eks mva	Kommentar
Ras- og flaumsikring	Kr 2 965 622	Avslutta, kr 116 000 under budsjett.
Visma-prosjektet (innføring av nytt økonomi- og lønssystem)	kr 1 799 500	Framdrift som planlagt, ikkje avvik mot budsjett
Framtidig infrastruktur VA	Kr 3 000 000	Ny vassleidning Haukanestunnelen vert ferdig i 2020, kostnad 1,5 mnok. 0,5 mnok vert brukt på nye VA trasear. 1 mnok på pumpestasjon
Høgdebasseng Nordbygda	Kr 2 500 000	Blir ferdig i 2020, ikkje avvik mot budsjett
Reservevassforsyning vatn	Kr 3 000 000	Forseinka. Vert truleg ikkje påbegynt i 2020
Tysse VA	Kr 6 000 000	VA er under prosjektering. Avløpppumpestasjon vert truleg kjøpt inn i 2020, kostnad 1 mnok
Kommunale vegar	Kr 1 000 000	Noko vert brukt på Liavegen og resten på utbetring av Tveitaflaten

Skifte til led-lys på kommunale vegar Sikring Jarland bru	Kr 200 000 Kr 550 000	Arbeidet er i rute, ferdig hausten 2020 Let seg ikkje gjennomføra i 2020 pga anleggsarbeid på kraftverk Jarland.
Skiltprosjekt	Kr 450 000	Ikkje avvik mot budsjett, ynskjer å fortsette arbeidet i 2021
Gangveg Hagabotnane	Kr 500 000	Det har vore arbeidd med å få på plass ei avtale med grunneigar. Dersom dette ikkje ordnar seg, må det i budsjett 2021 inn midlar til reguleringsplan.
Oppgradering av Sosio (NAV)	Kr 130 000	Utsett, samarbeidsprosjekt med IKTNH
Inventar og utstyr skule	Kr 260 000	Tavler er kjøpt inn som planlagt. Stolane vil kome på plass i løpet av året.
Fiberlinje til Myra vassverk*	Kr 100 000	Ligg ikkje inne i budsjettet og kan finansierast med bunde investeringsfond vatn

I oktober 2019 vedtok kommunestyret i sak 50/19 at det skulle løyvast midlar til å få opparbeidd innfartsparkering på Bjørkheim. Vedtaket var basert på at Statens vegvesen/ Fylkeskommunen hadde midlar på budsjett 2019 og kunne gå inn og delfinansiera prosjektet med 1,2 mnok. Same sum skulle kommunen finansiera ved bruk av ubunde investeringsfond. Det vart ikkje noko av dette i 2019. No har fylkeskommunen igjen tatt kontakt og me vil legge dette inn i budsjettet for 2021.

\*Kommunen har fått lagt fram fiberlinje til Myra vassverk. Kommunen sin del av utgifta er eit anleggsbidrag på kr 100 000 til utbyggjaren (BKK). Kommunen har bundne investeringsfond til vatn som kan nyttast som finansiering

**Oppsummering:** Pandemien har gitt kommunen store utfordringar. Dette er både økonomisk, men og driftsmessig med å få på plass nok vikarer. Fleire prosjekt både i investering og i drift er forseinka pga korona-pandemien og det er store overskridingar på lønsbudsjettet. Me er heilt avhengig av at staten bidrar med meir pengar for at budsjettet skal gå i balanse. Pr no vert det budsjettjustert for overskriding som ikkje er korona-relatert. Me vil fortløpande vurderer om det bør innførast innkjøpsstopp.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-614, TI-&01
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/693	<b>Løpenr:</b> 20/6153
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	027/2020
Kommunestyret	16.09.2020	055/2020

## Vilkår for oppseiing av leigeavtalar i omsorgsbustader

### 03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Medlemmene i formannskapet sette fram følgjande fellesframlegg til vedtak:

«Det vert med verknad frå 01.01.2021 gjort følgjande endring i avtalevilkåra for utleige av kommunale omsorgsbustader i Samnanger:

- Som hovudregel gjeld ein oppseiingsfrist for kvar av partane på tre månader. Oppseiingstida går frå dato til dato.
- For leigetakarar som flyttar til institusjon/sjukeheim eller dør, gjeld ein oppseiingsfrist på ein månad. Oppseiingstida går frå dato til dato. Denne oppseiingsfristen gjeld berre ved oppseiing frå leigetakar/leigetakar sine pårørande, ikkje ved oppseiing frå kommunen.

Dersom nokon noverande leigetakarar ikkje godtek denne endringa i avtalevilkår, vil oppseiingsvilkåra i den noverande husleigeavtalen framleis gjelda.»

Fellesframlegget er identisk med Alternativ 2 i administrasjonen si saksutgreiing.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

### FORM- 027/2020 Vedtak:

Det vert med verknad frå 01.01.2021 gjort følgjande endring i avtalevilkåra for utleige av kommunale omsorgsbustader i Samnanger:

- Som hovudregel gjeld ein oppseiingsfrist for kvar av partane på tre månader. Oppseiingstida går frå dato til dato.
- For leigetakarar som flyttar til institusjon/sjukeheim eller dør, gjeld ein oppseiingsfrist på ein månad. Oppseiingstida går frå dato til dato. Denne oppseiingsfristen gjeld berre ved oppseiing frå leigetakar/leigetakar sine pårørande, ikkje ved oppseiing frå kommunen.

Dersom nokon noverande leigetakarar ikkje godtek denne endringa i avtalevilkår, vil oppseiingsvilkåra i den noverande husleigeavtalen framleis gjelda.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Den noverande ordninga med tre månaders oppseiingstid i leigekontrakter for omsorgsbustader vert ikkje endra.

Punkt 4 i Samnanger kommune sine leigeavtalar for omsorgsbustader skal forståast slik at oppseiingstida gjeld frå dato til dato.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Svar på interpellasjon frå Bygdalista til kommunestyremøtet 05.03.2020

#### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

- Husleigelova  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-03-26-17>)
- Delegeringsreglement for Samnanger kommune  
(<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=61&Filld=1017>)

#### **Kva saka gjeld:**

Kommunestyret handsama 05.03.2020 interpellasjon frå Bygdalista om vilkår i kommunen sine leigeavtalar for omsorgsbustader. Det vart gjort følgjande vedtak:

*«Samnanger kommune sine vilkår for å seie opp leige av omsorgsbustader kjem opp som eiga sak i formannskapsmøtet 16.04.2020.».*

Av kapasitetsmessige årsaker vart ikkje saka lagt fram for formannskapet verken 16.04.2020 eller 28.05.2020.

Interpellasjonen frå Bygdalista til kommunestyremøtet 05.03.2020 var som følgjer:

Interpellasjon frå BL til Kommunestyremøtet 05.03.20

Gjeld leigeavtale Omsorgsbustader mellom Samnanger Kommune og leigetakarar.

I avtalen punkt 4 står det: Oppseiing

"Kvar av partane kan seie opp leigehøve med 3 mnd varsel".

Dette er urimeleg, då brukarar enten flyttar på Samnangerheimen eller fell bort.

1 mnd oppseiing må vera meir riktig formulering i avtalen gjeldande Omsorgsbustader, slik det og vert praktisert i andre kommunar.

Bygdalista oppmodar kommunestyret til å sjå på denne saka.

Solveig K. Vassenden BL

I administrasjonen sitt svar på interpellasjonen vart det argumentert for at noverande ordning med oppseiingstid på tre månader bør halda fram. Kopi av administrasjonen sitt svar følgjer vedlagt.

#### Orientering i eldrerådet 03.06.2020

I eldrerådet sitt møte 03.06.2020 vart det òg orientert om at saka enno ikkje var lagt fram for handsaming i formannskapet. Følgjande står i protokollen frå eldrerådsmøtet 03.06.2020:

- «Eldrerådet krev at sak om omsorgsbustader kjem opp i formannskapet 3. september.»

### Reglar i husleigelova

§ 9-6, første ledd:

- «Oppsigelsesfristen skal være tre måneder til opphør ved utløpet av en kalendermåned.»

§ 9-6, fjerde ledd:

- «Bestemmelsene i denne paragraf kan fravikes i avtale.»

### Omsorgsbustader i Samnanger

Samnanger kommune har omsorgsbustader følgjande stader i kommunen:

- Haga (Hamnahaugen og Skjervo)
- Skottabakken (bufellesskap for funksjonshemma)

I tillegg disponerer kommunen òg privateigde omsorgsbustader på Ytre-Tysse. Husleigekontrakter for desse bustadene vert inngått mellom huseigar og brukar.

### Satsar for husleige i kommunale omsorgsbustader i Samnanger

Satsane for husleige i kommunale omsorgsbustader i Samnanger varierer noko, men er i dag frå ca. 5 100 til 9 500 kroner pr. måned. Husleiga er høgast i omsorgsbustadene på Skottabakken, der dei fleste betalar 9 500 kroner.

### Noverande ordning i Samnanger

Som Bygdalista skreiv i interpellasjonen til kommunestyremøtet 05.03.2020, vil leigeforhold i omsorgsbustader som hovudregel verta avslutta enten ved at brukaren flyttar til institusjon (sjukeheim) eller fell bort. Det skjer òg at brukarar flyttar til anna (privat) leilegheit/bustad enten i Samnanger eller i annan kommune, men dette skjer relativt sjeldan.

I dei noverande leigeavtalane til Samnanger kommune står det følgjande om oppseiingsfrist:

- «Kvar av partane kan seie opp leigetilhøvet med 3 månaders varsel»

Praksis i Samnanger har vore at oppseiingsfristen for omsorgsbustader gjeld frå dato til dato, altså at me ikkje følgjer hovudregelen i husleigelova om at oppseiingsfristen gjeld til utløpet av kalendermånaden.

Med den noverande oppseiingstida på tre månader, kan brukaren (eller eventuelt dødsbuet til brukaren) risikera å måtte betala husleige for omsorgsbustaden i tre månader etter at leigeavtalen vert oppsagt/etter at brukaren går bort.

Dersom kommunen får inn ny leigetakar i omsorgsbustaden før oppseiingsperioden er slutt, vil perioden med betaling av husleige i oppseiingsperioden verta redusert tilsvarande. Det same skjer dersom kommunen skal pussa opp omsorgsbustaden og derfor ønskjer den frigjort før oppseiingsperioden er slutt.

### Oppseiingstider i nabokommunar

Administrasjonen har sjekka kva oppseiingstider for omsorgsbustader nokre av nabokommunane har:

- Bergen kommune, oppseiingstid på tre månader
- Tysnes kommune, oppseiingstid på tre månader

### Betaling for korttids- og langtidsopphald på sjukeheimen

Brukarar i omsorgsbustader som har behov for sjukeheimplass, vert som hovudregel i første omgang innvilga korttidsopphald på sjukeheimen. Dette vert gjort for sjå om det er mogleg med rehabilitering slik at brukaren kan koma heim igjen til eigen bustad/omsorgsbustad.

Dersom ein brukar som bur i omsorgsbustad vert innvilga korttidsopphald på sjukeheimen, vil ho/han i opptil 60 døgn måtte betala både husleige for omsorgsbustaden og betaling for korttidsopphaldet samstundes. Betalinga for korttidsopphald på sjukeheimen er i dag 170 kroner pr. døgn ( 5 100 kroner for 30 døgn). Denne betalinga dekkar alle utgifter til opphaldet på sjukeheimen (rom, mat, etc). Minstepensjonistar som har bustøtte, vil normalt ha rett til å behalda bustøtta under korttidsopphald på sjukeheimen.

Dersom korttidsopphaldet varer meir enn 60 døgn, går ein etter 60 døgn automatisk over på betalingsordninga for langtidsopphald.

Brukarar som vert innvilga langtidsopphald på sjukeheimen, betalar ikkje noko for sjukeheimplassen dei første 30 dagane, dersom ho/han ikkje i forkant har hatt korttidsopphald på 60 døgn.

Dersom ein brukar som får innvilga korttidsopphald på sjukeheimen er så dårleg at pleie- og omsorgstenesta ser at ho/han ikkje vil kunne flytta tilbake til omsorgsbustaden, vert dei pårørande oppmoda om å seia opp leigeavtalen for omsorgsbustaden. Dersom det er venteliste på omsorgsbustader, vil bustaden då kunne leigast ut til andre før det har gått tre månader.

### Vedtaksmynde om oppseiingsfrist for omsorgsbustader

Etter reglane i punkt 4.1.v i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement, er det kommunestyret som har vedtaksmynde i denne saka.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Dersom det vert innført ordning med ein månads oppseiingstid på omsorgsbustader, vil kommunen etter alt å døme tapa inntekter. Sjølv om det ikkje vil vera eit stort inntektstap, vil dette likevel måtte dekkast inn ved innsparing eller auka løyving til andre kommunale budsjettpostar.

Det er viktig at oppseiingsvilkåra for omsorgsbustader ikkje er urimelege for brukarane. Samnanger sine husleigeavtalar for omsorgsbustader følgjer i dag hovudregelen i husleigelova om oppseiingstid på tre månader. Ordningane i andre kommunar varierer - nokre kommunar har same ordning som Samnanger, medan andre kommunar har kortare oppseiingsfrist.

Dersom det vert innført ordning med ein månads oppseiingsfrist, bør kommunestyret bestemma om oppseiingstida skal vera frå dato til dato - eller om oppseiingsfristen skal gjelda til utløpet av månaden etter oppseiinga. Dersom ikkje noko anna vert bestemt, vil oppseiingsfristen i husleigeavtalar med oppseiingstid på ein måned gjelda frå dato til dato. I Samnanger har det til no vorte praktisert at oppseiingsfristen på omsorgsbustader gjeld frå dato til dato. For kommunen vil det i utgangspunktet vera enklast å administrera ei ordning der oppseiingstida går fram til utløpet av ein kalendermånad - dette vil gjelda uavhengig av om oppseiingsfristen er ein måned eller tre månader. Likevel tilrår ikkje administrasjonen at me endrar noverande ordning med at oppseiingstida gjeld frå dato til dato, fordi ei slik endring vil gje leigetakarane lenger oppseiingstid enn i dag.

Dersom det skal innførast ordning med ein månads oppseiingsfrist, må det òg avgjerast om denne oppseiingsfristen berre skal gjelda ved oppseiing frå leigetakar, eller om den òg skal gjelda dersom kommunen seier opp leigeavtalen. Det er så langt administrasjonen kjenner til, ikkje vanleg å ha husleigekontrakter med ulik oppseiingstid for utleigar og leigetakar. Det er her òg viktig å vera merksam på at kommunen ikkje einsidig kan endra utleigevilkåra som er avtalt i dei noverande husleigeavtalane. Leigetakaren må òg godkjenna eventuelle endringar (med unnatak av årleg prisregulering), og dette vil vera spesielt viktig for eventuelle endringar som er til ugunst for

leigetakaren.

Det vil sjeldan vera aktuelt for kommunen å seia opp leigeavtalar for omsorgsbustader, men det kan skje ved misleghald av avtalen. Kommunen vil i slike tilfelle vanlegvis ha ansvar for å halda fram med å gje eit omsorgstilbod til brukaren, for eksempel ved å tilby ein omsorgsbustad med lågare husleige.

Det må òg avgjerast om ein eventuell oppseiingsfrist på ein måned berra skal gjelda dersom leigetakaren får innvilga langtidsopphald på institusjon (sjukeheim) eller fell bort, eller om denne oppseiingsfristen skal gjelda uansett oppseiingsgrunn. Administrasjonen sitt utgangspunkt er at det vil vera enklast med same oppseiingstid uavhengig av oppseiingsgrunn.

Moment som talar for å behalda den noverande ordninga med oppseiingsfrist på tre månader:

- Hovudregelen i husleigelova er oppseiingsfrist på tre månader.
- Oppseiingsfrist på tre månader sikrar at kommunen får leigeinntekter i samsvar med budsjett.
- I mange tilfelle vert den reelle oppseiingstida kortare enn tre månader.
- Oppseiingstida i kommunale omsorgsbustader og private omsorgsbustader (på Ytre-Tysse) kan verta ulik dersom det vert innført ein månads oppseiingsfrist i kommunale omsorgsbustader. Det er ikkje kommunen som fastset oppseiingstida i leigeavtalene for dei private omsorgsbustadene på Ytre-Tysse.

Moment som talar for å innføra ordning med oppseiingsfrist på ein måned:

- Vil sikra at brukaren/pårørande/dødsbuet ikkje risikerer å måtte betala husleige for omsorgsbustaden i meir ein ein måned etter at den ikkje lenger vert nytta av brukaren.
- Det kan framstå som urettferdig at nokon brukarar i dag må betala husleige i heile oppseiingstida på tre månader, medan andre betalar for ein kortare periode fordi kommunen får leigd ut omsorgsbustaden på nytt før det har gått tre månader etter oppseiinga.

#### Administrasjonen si tilråding

Administrasjonen si vurdering er at den noverande ordninga med tre månaders oppseiingstid i hovudsak fungerer bra og ikkje er urimeleg for brukarane. Administrasjonen tilrår ikkje at det vert innført ein månads oppseiingsfrist på omsorgsbustader, men at kommunen held fram med den noverande ordninga med tre månaders oppseiingstid.

#### Alternative vedtak

Sjølv om administrasjonen tilrår at kommunen beheld noverande ordning med tre månaders oppseiingstid, har me nedanfor skissert tre alternativ til korleis eit eventuelt vedtak om endring til ein månads oppseiingstid kan formulerast:

#### **Alternativ 1 - generell gjensidig oppseiingsfrist på ein måned:**

«Det vert med verknad frå 01.01.2021 gjort følgjande endring i avtalevilkåra for utleige av kommunale omsorgsbustader i Samnanger:

- Oppseiingsfristen vert redusert frå tre månader til ein måned. Dette gjeld både ved oppseiing frå leigetakar og utleigar. Oppseiingstida går frå dato til dato.

*Dersom nokon noverande leigetakarar ikkje godtek denne endringa i avtalevilkår, vil oppseiingsvilkåra i den noverande husleigeavtalen framleis gjelda.»*

#### **Alternativ 2 - eigen oppseiingsfrist for leigetakar ved flytting til institusjon/sjukeheim og dødsfall:**

«Det vert med verknad frå 01.01.2021 gjort følgjande endring i avtalevilkåra for utleige av kommunale omsorgsbustader i Samnanger:

- Som hovudregel gjeld ein oppseiingsfrist for kvar av partane på tre månader. Oppseiingstida går frå dato til dato.
- For leigetakarar som flyttar til institusjon/sjukeheim eller dør, gjeld ein oppseiingsfrist på ein månad. Oppseiingstida går frå dato til dato. Denne oppseiingsfristen gjeld berre ved oppseiing frå leigetakar/leigetakar sine pårørande, ikkje ved oppseiing frå kommunen.

Dersom nokon noverande leigetakarar ikkje godtek denne endringa i avtalevilkår, vil oppseiingsvilkåra i den noverande husleigeavtalen framleis gjelda.»

**Alternativ 3 - ein månads oppseiingsfrist for leigetakar, tre månaders oppseiingsfrist for kommunen:**

«Det vert med verknad frå 01.01.2021 gjort følgjande endring i avtalevilkåra for utleige av kommunale omsorgsbustader i Samnanger:

- Leigetakar sin oppseiingsfrist vert redusert frå tre månader til ein månad. Oppseiingstida går frå dato til dato.

Ved oppseiing frå kommunen er oppseiingsfristen framleis tre månader. Oppseiingstida går frå dato til dato.

Dersom nokon noverande leigetakarar ikkje godtek denne endringa i avtalevilkår, vil oppseiingsvilkåra i den noverande husleigeavtalen framleis gjelda.»

Kvart av alternativa ovanfor kan òg endrast til at oppseiingstida skal reknast fram til utløpet av ein kalendermånad, i staden frå dato til dato.





## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-654
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/355	<b>Løpenr:</b> 20/7437
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	031/2020
Kommunestyret	16.09.2020	056/2020

## Heis på kommunehuset

### 03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg om at vedtaket som formannskapet gjorde 28.05.2020 i sak 020/2020 om heis på kommunehuset, vert ståande.

Det vart under handsaminga klargjort av rådmann Ingebjørg Vamråk at lovreglar om universell utforming gjer at det er krav om tilgjenge for alle på kommunehuset. I utgangspunktet inneber dette at det er krav om heis i bygget, men dette vil ikkje vera eit absolutt krav dersom tilgjenge for alle kan løysast på andre måtar (utan heis).

Rådmannen sitt framlegg fekk 5 røyster. Odd Arne Haga sitt framlegg fekk 4 røyster.

### FORM- 031/2020 Vedtak:

Bygging av heis på kommunehuset vert ikkje gjennomført i 2020. Heis på kommunehuset skal vurderast opp mot andre nødvendige bygnings-/vedlikehaldsmessige tiltak i budsjettprosessen for 2021.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygging av heis på kommunehuset vert ikkje gjennomført i 2020. Heis på kommunehuset skal vurderast opp mot andre nødvendige bygnings-/vedlikehaldsmessige tiltak i budsjettprosessen for 2021.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

- Saksframlegg og vedtak i formannskapet 22.05.2020 (<https://innsyn.onacos.no/samnanger/wfdocument.ashx?journalpostid=2020004470&dokid=152056&versjon=4&variant=A&>)
- Tilstandsrapport for kommunehuset utarbeidd av Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s.

**Kva saka gjeld:**

Kommunestyret vedtok 05.12.2019 (sak 069/2019) at administrasjonen skal leggja fram sak med framlegg til montering av heis eller tilsvarande i kommunehuset på Tysse, slik at krav om universell utforming vert stetta. Sak om dette vart lagt fram i formannskapet 28.05.2020 (sak 020/2020). Det vart der gjort følgjande vedtak/tilråding til kommunestyret:

*«Alternativet med plattformheis i eksisterande heissjakt på kommunehuset vert alternativet å arbeida vidare med. Det vert søkt om dispensasjon frå TEK 17, fordi kommunehuset er ein arbeidsstad med meir enn 12 arbeidsplassar, og fordi plattformstorleiken er litt mindre enn kravet. Fordelane er at ein får heis til alle tre etasjane som er i bruk, og at det er det billegaste alternativet, anslått til kr. 550 000.*

*Prosjektet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.*

*Formannskapet ber om at det til kommunestyremøtet 11.06.2020 vert lagt inn ei vurdering av TG3-punkta i tilstandsrapporten og ei prioritering av desse.»*

Saka kom ikkje opp i kommunestyret 11.06.2020. Saka vert derfor no lagt fram for formannskapet på nytt, før den går vidare til kommunestyret.

Denne saka bør sjåast i samanheng med saka om bruk av ekstratilskotet på 1,1 millionar kroner som Samnanger kommune fekk i revidert nasjonalbudsjett 2020. Desse midlane skal brukast til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur.

**Nye opplysningar i saka etter handsaminga i formannskapet 28.05.2020:**

- I revidert nasjonalbudsjett 2020 fekk Samnanger kommune eit ekstratilskot på 1,1 millionar kroner til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur. Dette tilskotet kan for eksempel brukast til heis på kommunehuset, men administrasjonen tilrår ikkje dette. Det vert lagt fram eiga sak om bruk av dette ekstratilskotet.
- I samband med at det skal etablerast eiga barnevernteneste i Samnanger, kan det verta aktuelt å byggja om dei gamle lokala til folkebiblioteket til kontor. Dersom det skal byggjast heis på kommunehuset, vil det i så fall vera ønskeleg at heisen også dekkar etasjen der folkebiblioteket låg (kjellaretasjen på kommunehuset). Kostnaden til heis vil å så fall auka til ca. 660 000 kroner.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Slik kommunen sin økonomiske situasjon er i dag, er administrasjonen si vurdering at heis på kommunehuset er eit tiltak som ikkje bør prioriterast i 2020. Det vil også vera vanskeleg å få gjennomført prosess med bygging av heis i 2020, av kapasitetsmessige årsaker. Administrasjonen tilrår i staden at heis på kommunehuset vert vurdert opp mot andre nødvendige bygnings-/vedlikehaldstiltak i budsjettprosessen for 2021.

I utgangspunktet er administrasjonen si vurdering at utbetring av branntryggleik og ventilasjon på kommunehuset bør prioriterast framfor heis. Både branntryggleik og manglande heis er ført opp som såkalla TG3-avvik i tilstandsrapporten for kommunehuset som firmaet Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s. utarbeidde vinteren/våren 2020 (eit TG3-avvik er i rapporten definert som «Tilstandsgrad 3: Kraftige symptomer (også sammenbrudd og total funksjonssvikt)»).

Eining for samfunnsutvikling har etter formannskapsmøtet 28.05.2020 bedt Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s. om ei ny vurdering utfrå gjeldande krav i byggeåret. Firmaet har på bakgrunn av dette utarbeidd eit følgeskriv til tilstandsrapporten. Det går der fram at tilstandsrapportane vart utarbeidd med dagens gjeldande regelverk (TEK 17) som referansenivå, ikkje med byggeåret sine

reglar som referansenivå. Dei fleste TG3-punkta i tilstandsrapporten vil slik administrasjonen forstår det, først verta gjeldande dersom det skal utførast søknadspliktige inngrep i bygga.

Dersom det skal nyttast såkalla plattformheis i kommunehuset, må det søkjast om dispensasjon frå TEK 17.

I tilrådinga som formannskapet vedtok 28.05.2020, vart det foreslått at prosjektet med heis på kommunehuset skal finansierast ved bruk av disposisjonsfondet. Det står i dag ca. 9,3 millionar kroner på disposisjonsfondet. I budsjettet for 2020 er det lagt inn ei forventa avsetting til disposisjonsfondet på ca. 4 millionar kroner. I løpet av 2020 har kommunestyret gjort vedtak om bruk av i alt ca. 3,8 millionar kroner frå disposisjonsfondet.

Dersom det skal byggast heis på kommunehuset, må det takast stilling til om heisen skal gå over tre eller fire etasjar. Ekstakostnaden med heis over fire etasjar i staden for tre etasjar, vil truleg vera om lag 110 000 kroner. Dersom dei gamle lokala til folkebiblioteket brukast/omdisponerast til kontor, bør ein eventuell heis truleg gå over fire etasjar.

Når det gjeld vurdering og prioritering av andre TG3-punkt i tilstandsrapporten for kommunehuset, viser administrasjonen til saksutgreiinga i saka om bruk av ekstratilskot i 2020 til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur.

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-151
<b>Arkivsaksnr:</b> 20/418	<b>Løpenr:</b> 20/4406
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	03.09.2020	036/2020
Kommunestyret	16.09.2020	057/2020

**Premiss budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024****03.09.2020 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet bad om at rådmannen gir utfyllande informasjon saka i kommunestyret 16.09.2020.

Det vart røysta punktvis over rådmannen sitt framlegg.

Punkt 1, 2, 4, 5 og 7 i rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i rådmannen sitt framlegg vart ikkje vedteke. 4 medlemmer røysta for og 4 røysta imot dette punktet. Ordføraren si røyst vart då avgjerande.

<b>For</b>	<b>Imot</b>
Lena Tveit (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Martin Haugen (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Øyvind Strømmen (MDG)	Odd Arne Haga (Frp)

Punkt 6 i rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 3 røyster.

<b>For</b>	<b>Imot</b>
Lena Tveit (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Martin Haugen (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Gunn Totland Moss (Krf)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	
Øyvind Strømmen (MDG)	

**FORM- 036/2020 Vedtak:**

- Det skal i 2021-budsjettet vera ei avsetjing på 1 million kroner til disposisjonsfondet.
- Korrigererte netto driftsutgifter i % av netto driftsresultat: mål 1,75 % i 2021
- Disposisjonsfondet skal liggja på om lag 15 millionar kroner ved utgangen av økonomiplanperioden.
- Med utgangspunkt i Covid 19 som me er berørte av i 2020 og 2021, legg me opp til eit mellombels auka kostnadsnivå i 2021 i dei mest berørte einingane/avdelingane (Helse, Pleie og omsorg, Reinhold).
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, samanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt.
- Nødvendige reduksjonar i bemanninga i kommunen i økonomiplanperioden skal så langt som mogleg løysast med naturleg avgang.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Det skal i 2021-budsjettet vera ei avsetjing på 1 million kroner til disposisjonsfondet.
- Korrigererte netto driftsutgifter i % av netto driftsresultat: mål 1,75 % i 2021
- Kommunen skal jobba for å få ned lånegjelda i økonomiplanperioden. Lånegjelda skal ikkje overstiga 240 millionar kroner i økonomiplanperioden.
- Disposisjonsfondet skal liggja på om lag 15 millionar kroner ved utgangen av økonomiplanperioden.
- Med utgangspunkt i Covid 19 som me er berørte av i 2020 og 2021, legg me opp til eit mellombels auka kostnadsnivå i 2021 i dei mest berørte einingane/avdelingane (Helse, Pleie og omsorg, Reinhold).
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, samanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt.
- Nødvendige reduksjonar i bemanninga i kommunen i økonomiplanperioden skal så langt som mogleg løysast med naturleg avgang.

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Kommunelova, Økonomireglement for Samnanger kommune

**Kva saka gjeld:**

Dei siste åra har kommunestyret årleg gjort vedtak om premisser for årsbudsjett og økonomiplan. Dette vert gjort før rådmannen utarbeider og legg fram framlegget sitt til årsbudsjett og økonomiplan. Denne framgangsmåten er tenkt brukt også i år.

Det har i 2020 ikkje vorte gjennomført såkalla kvalitetsdialog mellom kommunestyret, administrasjonen og representantar for dei tilsette, slik det har vorte gjort dei siste åra.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Rådmannen sitt framlegg til premisser for økonomiplanperioden 2021–2024 tek utgangspunkt i kommunen sin økonomiske situasjon, krav i lovverket, utviklingstrekk og saker/område som rådmannen meiner det er spesielt viktig å leggja inn premisser for. Nedanfor følgjer litt bakgrunnsinformasjon om nokre av punkta i rådmannen sitt framlegg.

**Avsetjing til disposisjonsfondet i 2021**

Kommunen sine inntekter vil truleg verta reduserte i 2021 i forhold til 2020. Dette gjeld spesielt inntekter på sal av konsesjonskraft, som truleg vert redusert med fleire millionar kroner. 2021 vert eit krevjande år for kommunen økonomisk. Rådmannen sitt forslag til avsetjing til disposisjonsfondet i 2020 er som følge av dette på berre 1 million kroner. Det er truleg ikkje realistisk med høgare

avsetjing enn dette i 2021.

#### Lånegjeld

Kommunen har høg lånegjeld i forhold til dei fleste andre kommunar, og i forhold til styresmaktene sine tilrådingar. Lånegjelda bør helst reduserast, og i alle fall ikkje aukast i økonomiplanperioden.

#### Storleik på disposisjonsfondet ved utgangen av økonomiplanperioden 2021-2024

Målsetjinga om eit disposisjonsfond på 15 millionar kroner vert ikkje foreslått endra.

Disposisjonsfondet er i dag på ca. 9,3 millionar kroner. Det vil krevja både god økonomistyring og «tøffe prioriteringar» i økonomiplanperioden dersom målet om 15 millionar kroner på disposisjonsfondet skal nåast.

#### Covid 19

Det må forventast at tiltak knytt til koronaviruset vil gje auka kostnader for kommunen også i 2021. Forhåpentlegvis vil kommunen få dekkja det meste av desse ekstrautgiftene av staten, men dette er pr. no ikkje avklart.

#### Bemanningsreduksjon

Kommunen sin økonomiske situasjon gjer at det truleg vil verta nødvendig å redusera bemanninga noko i løpet av økonomiplanperioden. Dette bør så langt som mogleg løysast gjennom naturleg avgang.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-044
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1787	<b>Løpenr:</b> 20/6554
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	028/2020
Kommunestyret	16.09.2020	058/2020

## Høyringsframlegg til forskrift om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger kommune

### 03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FORM- 028/2020 Vedtak:

Framlegg til forskrift om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger vert lagt ut til offentlig høyring på kommunen si heimeside. Høyringa skal òg kunngjerast i Samningen. Høyringsfrist vert 31.10.2020. Endeleg vedtak skal gjerast av kommunestyret 03.12.2020.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om økonomisk godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde i Samnanger vert lagt ut til offentlig høyring på kommunen si heimeside. Høyringa skal òg kunngjerast i Samningen. Høyringsfrist vert 31.10.2020. Endeleg vedtak skal gjerast av kommunestyret 03.12.2020.

### Dokument som er vedlagt:

Rundskriv - Utforming av nye forskrifter i kommunene og fylkeskommunene

Forslag til forskrift om godtgjersle, dekking av utgifter, m.m. til folkevalde i Samnanger kommune

### Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommunelova  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)
- Forvaltningslova  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>)
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune  
(<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=67&Filld=10>)
- Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet  
(<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=67&Filld=1065>)

- Forskrift om folkevalgtes godtgjøring og velferdsgoder, Tønsberg kommune (<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-11-07-1481>)
- Forskrift om folkevalgtes godtgjøring, Etnedal kommune (<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-10-31-1463>)
- Proposisjon om ny kommunelov - Prop. 46 L (2017-2018) (<https://www.regjeringen.no/contentassets/f0964c05be1d4fefb54267e9255bb921/no/pdfs/prp201720180046000dddpdfs.pdf>)

## Kva saka gjeld:

### Innleiing

Etter reglane kapittel 8 i den nye kommunelova skal kommunestyret gje forskrift om folkevalde sin rett til å få dekka utgifter og økonomisk tap (§ 8-3), arbeidsgodtgjersle (§ 8-4), ettergodtgjersle (§ 8-6) og permisjonar (§ 8-10). Formannskapet vedtok 20.02.2020 å gje rådmannen ansvar for å utarbeida framlegg til slik forskrift. Forskrifta vil erstatta kommunen sitt noverande reglement for godtgjersle til folkevalde.

Administrasjonen har no utarbeidd forslag til forskrift for Samnanger kommune. Framlegget følger vedlagt.

Det går fram av kommunelova at det er kommunestyret som skal vedta forskrifta. Reglar om utarbeiding, utforming, kunngjering m.m. av forskrifter står i forvaltningslova (kapittel VII m.fl.). Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i tillegg utarbeidd eit rundskriv (datert 04.12.2019) med rettleiing om utforming av nye forskrifter i kommunane og fylkeskommunane.

Det går fram av § 37 i forvaltningslova at forvaltningsorganet (som i dette tilfellet er kommunestyret) skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før ei forskrift vert vedteken. Forvaltningsorganet skal som hovudregel senda forslaget til berørte verksemder og organisasjonar for uttale før ei forskrift vert utferdiga, endra eller oppheva - dette vert kalla høyring eller førehandsvarsel. Det er opp til kommunestyret å avgjera korleis høyringa skal gjennomførast. Administrasjonen foreslår at forslaget vert lagt ut til offentleg høyring på kommunen si heimeside, og at høyringa òg vert kunngjort i lokalavisa Samningen - med høyringsfrist 31.10.2020. Alle som ønskjer det vil då kunne gje høyringssuttale. Endeleg vedtak av forskrifta må gjerast av kommunestyret etter høyringsfristen.

### Om administrasjonen sitt forslag til forskrift

Administrasjonen foreslår at det vert vedteke ei samla forskrift for §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10 i kommunelova. Alternativet vil vera å vedta separate forskrifter for desse paragrafane, noko administrasjonen meiner ikkje er nødvendig.

I forslaget til forskrift er det teke utgangspunkt i Samnanger kommune sitt noverande reglement for godtgjersle til folkevalde. Administrasjonen har i tillegg mellom anna sett på Tønsberg kommune si forskrift om «folkevalgtes godtgjøring og velferdsgoder» og Etnedal kommune si forskrift om «folkevalgtes godtgjøring».

Som tittel vert det foreslått «*Forskrift om godtgjersle, dekking av utgifter, m.m. for folkevalde i Samnanger kommune*».

Administrasjonen foreslår som nemnt ovanfor at forskrifta skal gje reglar for dei fire paragrafane i kommunelova som er nemnde ovanfor (§§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10). I tillegg vert det foreslått å ta inn reglar om følgjande i forskrifta:

- pensjonsordning (jf. § 8-7 i kommunelova)
- ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikringar



- utstyr (nettbrett) og økonomisk kompensasjon for dei som held seg med nettbrett/PC sjølv

I Tønsberg kommune si forskrift er det også teke med reglar for nokre andre paragrafar i kapittel 8 i kommunelova (§ 8-8 om rett til sjukepengar og § 8-9 om rettar ved yrkesskade). Dette bør ikkje vera nødvendig i Samnanger. Det er slått fast i kommunelova at kommunen skal sørgja for at folkevalde som har vervet som sin «hovedbeskjeftigelse» har same rett til sjukepengar og ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen. I folkerike kommunar er det gjerne fleire folkevalde som har frikjøp, i større eller mindre grad. Desse kommunane må derfor avklara i reglement/forskrift kor stort frikjøp som skal til for å koma inn under reglane i §§ 8-8 og 8-9. I Samnanger er det berre ordføraren som har frikjøp, og som derfor har vervet som sin «hovedbeskjeftigelse».

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser kva faktiske endringar administrasjonen foreslår i forhold til reglane i Samnanger kommune sitt noverande reglement for godtgjersle til folkevalde:

1. Reglane om ettergodtgjersle til ordførar (kapittel 7) er justert slik at dei er i samsvar med reglane i den nye kommunelova.
2. Det vert foreslått ei justering i reglane om utbetaling av leiargodtgjersle for nestleiar i utval/råd (§ 2-4). Endringa gjeld utbetaling av leiargodtgjersle til nestleiar dersom utvalsleiar vert indisponert i lang tid p.g.a. sjukdom eller liknande. I dag skal leiargodtgjersle utbetalast til nestleiar når utvalsleiar har vore indisponert i to månader. Det vert foreslått å auka denne grensa til tre månader. To månader er kort tid, og det kan ofte vera meir enn to månader mellom kvart møte i dei aktuelle utvala/råda (naturutvalet, kontrollutvalet og eldrerådet).
3. Det vert foreslått at sats for møtegodtgjersle for ungdomsrådet vert teke med i forskrifta (§ 2-6). I dag står denne satsen i vedtektene for ungdomsrådet, der det òg står at satsen skal regulerast årleg av kommunestyret. Satsen er i dag på 400 kroner. Det vert no foreslått å knytta denne satsen opp mot ordførargodtgjersla, og at godtgjersla skal vera 0,05 % av ordførargodtgjersla (pr. d.d. vil satsen då verta 420 kroner).
4. Det vert foreslått at forskrifta skal gje reglar om godtgjersle for folkevalde som deltek på pliktige kurs og eksterne møte (§ 2-7). Me har i dag ikkje klare reglar for dette. For eksterne kurs vert det foreslått same sats som møtegodtgjersle («høg sats»). For nettbaserte kurs (på minst to timar) vert det foreslått same sats som møtegodtgjersle («låg sats»).
5. Det vert foreslått at forskrifta ikkje skal innehalda reglar om tidspunkt for møte i folkevalde organ, slik det det noverande reglementet om godtgjersle gjer. Reglar om tidspunkt for møte bør stå i kommunen sitt reglement for kommunestyret m.fl.
6. Satsen for dekking av legitimert økonomisk tap (§ 3.2.a) vert foreslått auka. Satsen er i dag inntil 3 500 kroner pr. møte-/reisedag, og har stått uendra i om lag ti år. Det vert foreslått å knytta satsen opp mot ordførargodtgjersla og at satsen skal vera inntil 0,5 % av ordførargodtgjersla (pr. d.d. vil satsen då verta inntil ca. 4 200 kroner). Det vert også foreslått å ta inn ei presisering om at satsen gjeld for både møte og kurs.
7. Det vert foreslått å ikkje lenger ha ein eigen sats for dekking av legitimert tap for møte som varer minde enn tre timar. I det noverande reglementet er det ein eigen sats for slike møte (inntil 1 100 kroner). Det vert også foreslått å ta inn ei presisering om at satsen for dekking av legitimert tap gjeld for både møte og kurs.
8. Satsane for dekking av ulegitimert tap ved deltaking på møte vert foreslått auka (§ 3-2.b), og knytta opp mot ordførargodtgjersla. Det vert vidare foreslått å ta vekk regelen om at desse satsane berre skal gjelda for sjølvstendig næringsdrivande. Det vert også foreslått å ta inn ei presisering om at satsane gjeld for både møte og kurs. For møte som varer mindre enn tre timar vert satsen foreslått auka frå inntil 1 000 kroner til inntil 1 680 kroner (0,2 % av ordførargodtgjersla). For møte som varer frå tre til seks timar vert satsen foreslått auka frå inntil 2 000 kroner til inntil ca. 2 519 kroner (0,30 % av ordførargodtgjersla). For møte som varer over seks timar vert satsen foreslått auka frå inntil 3 000 kroner til inntil 3 779 kroner (0,45 % av ordførargodtgjersla). Det kan også for

- ulegitimert tap vurderast om det vil vera tilstrekkeleg å berre ha ein sats, på same måte som administrasjonen foreslår for legitimert tap.
9. Det vert foreslått å knytta satsen for dekking av utgifter til nødvendig tilsyn av barn m.m. (§ 4-1) opp mot ordførargodtgjersla, samt å redusera satsen noko i forhold til i dag. I kommunen sitt noverande reglement er satsen den same som for legitimerede krav tapt inntekt, d.v.s. inntil 3 500 kroner. Det vert no foreslått at satsen skal vera inntil 0,25 % av ordførargodtgjersla (pr. i dag vil satsen då verta 2 100 kroner).
  10. Det vert foreslått å ta inn ei presiering om at skyssutgifter kan krevjast dekka på reiser som er over fire kilometer (til saman for tur-/returreise), i samband med pliktig deltaking på møte og kurs (§ 4-2). Det går fram av § 8-3 i kommunelova at folkevalde har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet. Kommunen må bestemma om det skal vera ein grense for kor lang reisa må vera for at den folkevalde skal kunne krevja godtgjersle. Administrasjonen foreslår at det skal vera ei grense på fire kilometer (til saman for tur-/returreise).
  11. Det vert foreslått at varaordføraren skal ha same sats for telefongodtgjersle som tilsette i kommunen (§ 4-3). I det noverande reglementet er satsen for varaordfører 1 000 kroner pr. år (83 kroner pr. måned), medan telefongodtgjersle for tilsette i kommunen er ca. 2 750 kroner pr. år (229 kroner pr. måned).
  12. Det vert foreslått å ta inn eit punkt om disponering av kommunalt nettbrett og godtgjersle for folkevalde som vel å halda seg med nettbrett/PC sjølv (§ 5-1). Det vert også her foreslått å knytta godtgjersla opp mot ordførargodtgjersla, og at satsen skal vera 0,1 % av ordførargodtgjersla pr. år. Dette utgjer pr. d.d. 840 kroner. Jf. kommunestyresak 087/2019, der ein sats på ca. 825 kroner pr. år var lagt til grunn i saksutgreiinga.
  13. Det er for alle typar utgiftsdekking/dekking av tap lagt inn regel om folkevalde må senda krav til kommunen fortløpande, og seinast tre månader etter møtet/kurset/reisa.
  14. Det vert foreslått ein eigen paragraf (§ 8-1) om permisjonar for ordføraren, jf. reglar i § 8-10 i kommunelova. Ordføraren er den einaste folkevalde i kommunen som har det politiske vervet som sin «hovedbeskjeftigelse». Det er pr. i dag derfor berre behov for å ha permisjonsreglar etter kommunelova § 8-10 for ordføraren, ikkje for andre folkevalde.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Administrasjonen sitt framlegg til forskrift er som nemnt ovanfor basert på kommunen sitt noverande reglement for godtgjersle til folkevalde. Framlegget er relativt langt og innheld relativt detaljerte reglar, på same måte som kommunen sitt noverande reglement. Dette er gjort for å unngå at det skal vera nødvendig å ha ein «retteleiar» eller andre føresegner i tillegg til sjølve forskrifta.

Administrasjonen foreslår å knytta flest mogleg av satsane i forskrifta opp mot ordførargodtgjersla. Ordførargodtgjersla vert regulert kvart år, og ved å knytta dei andre satsane opp mot ordførargodtgjersla vil også dei andre satsane i forskrifta automatisk verta regulerte kvart år.

Ordførargodtgjersla vert i dag regulert 1. januar kvart år, og utgjer 85 % av godtgjersla til stortingsrepresentantane. Stortingsrepresentantane si godtgjersle vert vanlegvis regulert 1. mai kvart år. Reguleringa av ordførargodtgjersla ligg derfor åtte månader på «etterskot» i forhold til reguleringa for stortingsrepresentantane. I rådmannen sitt forslag er det ikkje foreslått å endra på dette, men kommunestyret kan sjølvstøtt bestemma at ordførargodtgjersla skal regulerast frå same dato som stortingsrepresentantane si godtgjersle. Denne endringa vil i så fall då også gjelda for alle andre godtgjersler/satsar som er baserte på ordførargodtgjersla, og vil medføra auka utgifter for kommunen.

Det vert foreslått å vidareføra den noverande ordninga med møtegodtgjersle pr. møte som folkevalde deltek på. Ei alternativ ordning vil vera å ha ei fast årleg godtgjersle til faste medlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet m.fl, samt møtegodtgjersle pr. møte for varamedlemmer. Ein del kommunar har slik ordning. Administrasjonen tilrår ikkje at det vert

innført slik ordning i Samnanger, mellom anna fordi talet på møte kan variera ein god del frå år til år. Den mest «rettferdige» ordninga vil etter administrasjonen si vurdering vera å halda fram med å utbetala møtegodtgjersle pr. møte den folkevalde deltek på.

Det vert ikkje foreslått endringar i satsane for møtegodtgjersle, med unnatak av ein liten auke for ungdomsrådet (frå 400 kroner til ca. 420 kroner). Satsen for møtegodtgjersle for medlemmer i kommunestyret m.fl. («høg sats») er 0,2 % av ordførargodtgjersla (pr. d.d. 1 680 kroner).

Det vert heller ikkje foreslått endringar i reglane for kor ofte møtegodtgjersle og godtgjersle til utvalsleiarar skal betalast ut. I dag er det to årlege utbetalingar - normalt i juni og november - og denne ordninga vert foreslått vidareført. Utbetaling av utgiftsdekking og erstatning for tapt inntekt vil framleis normalt skje månaden etter at kravet er levert inn.

Administrasjonen foreslår ein regel om at krav om utgiftsdekking og erstatning for tapt inntekt skal sendast inn fortløpande, og seinast tre månader etter møtet/kurset. Bakgrunnen for dette er ønske om å unngå at slike krav kjem inn lenge på etterskot, då dette gjerne fører til meirarbeid/utfordringar for administrasjonen.

Det er krav i kommunelova (§ 8-3) om at det skal vedtakast ulike satsar for dokumenterte og ikkje-dokumenterte tap av inntekt. I forslaget til forskrift er satsane for dekking av legitimerte krav høgare enn satsane for ulegitimerte krav, på same måte som i kommunen sitt noverande reglement.

I Tønsberg kommune si forskrift går det fram (§ 4-1) at også folkevalde utan fast lønna arbeid (for eksempel heimeverande, studentar og pensjonistar) kan ha krav på erstatning for tapt inntekt. Bakgrunnen for dette er at det i forarbeida til kommunelova (Prop. 46 L, side 120-121) er slått fast at også desse gruppene kan ha krav på erstatning for tapt inntekt. I rådmannen sitt framlegg til forskrift for Samnanger er det i § 3-2.b lagt opp til at både sjølvstendig næringsdrivande, heimeverande, pensjonistar og studentar kunne fremja krav om erstatning for tapt inntekt (ikkje legitimert inntektstap). Rådmannen vil i samband med revisjonen av kommunen sitt delegeringsreglement hausten 2020 foreslå at ordføraren får fullmakt til å avgjera om slike krav skal imøtekomast.

Det går fram av § 8-7 i kommunelova at kommunestyret kan vedta å oppretta eller slutta seg til ei pensjonsordning for folkevalde. Kommunestyret vedtok i 2013 (sak 050/13) at Samnanger kommune skal ha same pensjonsordning for folkevalde som for dei tilsette (tenestepensjonsordning). Alternativet vil vera at kommunen opprettar ei eiga pensjonsordning for folkevalde, etter same modell som stortingsrepresentantane har. I Samnanger er det ordføraren den einaste folkevalde som er omfatta av kommunal pensjonsordning. Administrasjonen foreslår at det i forskrifta skal vera ein paragraf (§ 7-2) der det går fram at kommunen skal ha same pensjonsordning (tenestepensjon) for folkevalde som for dei tilsette.

I kommunen sitt noverande reglement er det bestemt at ordføraren skal omfattast av § 10 i hovudtariffavtalen - «ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer» - på linje med tilsette i kommunen. Administrasjonen foreslår at dette også vert teke inn (vidareført) i forskrifta (§ 7-3).

Administrasjonen har fått spørsmål om folkevalde både kan få utbetalt møtegodtgjersle og få dekkja tapt arbeidsforteneste samstundes når dei deltek på eit møte/kurs. Svaret på dette er ja. Dersom ein folkevald oppfyller vilkåra for å få dekkja tapt arbeidsforteneste, kan ho/han få utbetalt dette i tillegg til møtegodtgjersle.

Det vil vera mogleg for kommunestyret å vedta justeringar i forskrifta, dersom det vert behov for dette etter at forskrifta vert vedteken og sett i verk første gong.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FA-F47
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/255	<b>Løpenr:</b> 20/6649
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	033/2020
Kommunestyret	16.09.2020	059/2020

## Statuttar for bruk av pengegåver til kommunal gåvekonto

### 03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) foreslo å ta vekk det nest siste avsnittet i framlegget til rådmannen. Med denne endringa vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

### FORM- 033/2020 Vedtak:

Det vert fastsett følgjande statuttar for kommunal gåvekonto oppretta av kommunestyret 18.06.2020 i sak 043/20:

Pengegåver som kjem inn til den kommunale gåvekontoen kan brukast til å dekkja følgjande utgifter:

1. Utgifter til juridisk bistand til vurdering av grunnlag for erstatningssøksmål mot personar eller instansar som har vore involverte i barnevernssakene som er granska av Barneadvokatene DA i 2019/2020.
2. Utgifter til eventuelt vidare arbeid med førebuing og gjennomføring av erstatningssøksmål mot nokon av partane som er nemnde i punkt 1.
3. Utgifter til etablering av eiga barnevernsteneste i Samnanger kommune.

Rådmannen får fullmakt til å disponera midlane på gåvekontoen slik det går fram ovanfor. Rådmannen skal rapportera til kommunestyret om bruken av midlar frå gåvekontoen.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert fastsett følgjande statuttar for kommunal gåvekonto oppretta av kommunestyret 18.06.2020 i sak 043/20:

Pengegåver som kjem inn til den kommunale gåvekontoen kan brukast til å dekkja følgjande utgifter:

1. Utgifter til juridisk bistand til vurdering av grunnlag for erstatningssøksmål mot personar eller instansar som har vore involverte i barnevernssakene som er granska av Barneadvokatene DA i 2019/2020.

2. Utgifter til eventuelt vidare arbeid med førebuing og gjennomføring av erstatningssøksmål mot nokon av partane som er nemnde i punkt 1.
3. Utgifter til etablering av eiga barnevernsteneste i Samnanger kommune.

Dersom det står att midlar på gåvekontoen etter at utgiftene til punkt 1 til 3 ovanfor er betalt, kan restmidlane nyttast til å dekkja driftsutgifter for barnevernstenesta.

Rådmannen får fullmakt til å disponera midlane på gåvekontoen slik det går fram ovanfor. Rådmannen skal rapportera til kommunestyret om bruken av midlar frå gåvekontoen.

#### **Kva saka gjeld:**

Kommunestyret gjorde 18.06.2020 følgjande vedtak i sak 043/2020:

*«Det vert oppretta ein eigen bankkonto for mottak av gaver til dekking av kommunen sine utgifter til vurdering av søksmål mot tidlegare barnevernleiar, fylkesnemnda og tingretten. Det skal òg vera mogleg å bruka Vipps.*

*I kommunestyremøtet 16.09.2020 skal det leggjast fram sak med forslag til statuttar for bruk av pengegåver som kjem inn til denne bankkontoen. Fram til dette kan midlar som kjem inn til kontoen berre brukast i samsvar med avsnittet ovanfor.»*

Det har pr. august 2020 kome inn om lag 70 000 kroner til kontoen. Storleiken på gåvene varierer frå ca. 50 kroner til 3 500 kroner. Dei fleste gåvene er på nokre hundre kroner.

Utgiftene til vurdering av søksmål mot tidlegare barnevernleiar, fylkesnemnda og tingretten som Advokatfirmaet Elden skal gjera sommaren 2020, vil truleg bli i størrelsesorden 300 000 kroner. I tillegg har kommunen tidlegare i 2020 hatt utgifter på om lag 50 000 kroner til vurdering av moglegheit/grunnlag for å krevja erstatning gjennom søksmål mot personar eller instansar som har vore involverte i barnevernssakene som Barneadvokatene DA granska i 2019/2020.

Dersom kommunestyret vel å gå vidare med saka/sakene, vil det bli ytterlegare utgifter til juridisk bistand. Det kan også verta andre kostnader.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Ut frå den summen som har kome inn til gåvekontoen pr. i dag, er administrasjonen si vurdering at det ikkje er behov for å opna for at midlar frå gåvekontoen kan brukast til andre føremål enn følgjande:

1. Utgifter til vurdering av grunnlag for erstatningssøksmål.
2. Utgifter til eventuelt vidare arbeid med førebuing og gjennomføring av erstatningssøksmål.
3. Utgifter til etablering og drift av eiga barnevernsteneste i Samnanger.
4. Driftsutgifter for barnevernstenesta. Dette vil berre vera aktuelt dersom det står att restmidlar på gåvekontoen når utgiftene til punkt 1 til 3 er betalt.

Dersom det vert opna for at eventuelle restmidlar på gåvekontoen kan brukast til drift av barneverntenesta, vil det ikkje vera behov for ytterlegare reglar om bruk av restmidlar.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FA-F47
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/255	<b>Løpenr:</b> 20/7421
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	034/2020
Kommunestyret	16.09.2020	060/2020

## Vurdering av eventuell stemning med krav om erstatning mot tidlegare barnevernsleiar, fylkesnemnda og tingretten

### 03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune tek tilrådingane frå Advokatfirmaet Elden til følgje og saksøker ikkje tidlegare barnevernsleiar i Samnanger med krav om regress. Kommunen reiser heller ikkje søksmål mot staten.*

*Samnanger kommune merkar seg likevel dette avsnittet frå vurderinga til Advokatfirmaet Elden:*

- Måten denne saken er fremmet på både med granskning og vurdering av søksmål mot den eller de ansvarlige, er imidlertid prisverdig og antas i seg selv å ha en preventiv effekt for å hindre fremtidig skade av samme karakter. Dette ved at både ledelse og ansatte nå også er klare over sitt mulige erstatningsrettslige ansvar ved grove feil under utførelsen av arbeidet, og at ikke det kan påregnes uten videre dekket av arbeidsgiver.*

*Samnanger kommune er svært nøgd med at Advokatfirmaet Elden sluttar til hovudkonklusjonane i sak 2 i granskingsrapporten til Andersland og Totland. Kommunen er samd i det Elden skriv, om at røynsleane frå denne barnevernssaka må vera eit grunnlag for arbeidet til Samnanger barnevern i framtida.*

*Samnanger kommune vil òg understreka det Elden skriv om ansvaret som ligg på den øvste kommuneleiinga til å bruka styringsretten sin til å sikra kvalitet i barnevernet. Dette vil kommunen leggja som ein viktig premiss når eit nytt barnevern vert bygt opp i Samnanger.*

*Granskingane av barnevernet i Samnanger syner at det trengst gjennomgripande reformer i barnevernet på nasjonalt plan for å sikra kvalitet og rettstryggleik. Samnanger kommune vil oppmoda alle parti på Stortinget til å røysta for den breie granskinga av barnevernet som Senterpartiet har gjort framlegg om. På denne måten kan ein leggja eit godt grunnlag for dei endringane som må skje i barnevernet."*

Øyvind Strømmen (MDG) bad om gruppemøte.

På bakgrunn av innspel frå Øyvind Strømmen under debatten, orienterte Øyvind Røen om at ordet "svært" kunne takast vekk frå det tredje avsnittet i framlegget hans.

Øyvind Strømmen sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt i forhold til Øyvind Røen sitt vedtaksframlegg:

*"Samnanger kommune vil understreka at eit viktig tiltak vil vera ei autorisasjonsordning for barnevernstilsette."*

### **Røysting**

Etter gruppemøtet vart det røysta punktvis over framlegget til Øyvind Røen og tilleggsframlegget til Øyvind Strømmen:

#### Røysting over det første avsnittet i framlegget til Øyvind Røen

Samrøystes vedteke.

#### Røysting over det andre avsnittet i framlegget til Øyvind Røen

Vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (Sp)	
Odd Arne Haga (Frp)	

#### Røysting over det tredje avsnittet i framlegget til Øyvind Røen

Samrøystes vedteke.

#### Røysting over det fjerde og femte avsnittet i framlegget til Øyvind Røen, og Øyvind Strømmen sitt tilleggsframlegg

Vedteke med 8 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta imot.

### **FORM- 034/2020 Vedtak:**

Samnanger kommune tek tilrådingane frå Advokatfirmaet Elden til følgje og saksøkkjer ikkje tidlegare barnevernsleiar i Samnanger med krav om regress. Kommunen reiser heller ikkje søksmål mot staten.

Samnanger kommune merkar seg likevel dette avsnittet frå vurderinga til Advokatfirmaet Elden:

- *Måten denne saken er fremmet på både med granskning og vurdering av søksmål mot den eller de ansvarlige, er imidlertid prisverdig og antas i seg selv å ha en preventiv effekt for å hindre fremtidig skade av samme karakter. Dette ved at både ledelse og ansatte nå også er klare over sitt mulige erstatningsrettslige ansvar ved grove feil under utførelsen av arbeidet, og at ikke det kan påregnes uten videre dekket av arbeidsgiver.*

Samnanger kommune er nøgd med at Advokatfirmaet Elden sluttar til hovudkonklusjonane i sak 2 i granskingsrapporten til Andersland og Totland. Kommunen er samd i det Elden skriv, om at røynslene frå denne barnevernssaka må vera eit grunnlag for arbeidet til Samnanger barnevern i framtida.

Samnanger kommune vil òg understreka det Elden skriv om ansvaret som ligg på den øvste kommuneleinga til å bruka styringsretten sin til å sikra kvalitet i barnevernet. Dette vil kommunen leggja som ein viktig premiss når eit nytt barnevern vert bygt opp i Samnanger.

Granskingane av barnevernet i Samnanger syner at det trengst gjennomgripande reformer i barnevernet på nasjonalt plan for å sikra kvalitet og rettstryggleik. Samnanger kommune vil oppmoda alle parti på Stortinget til å røysta for den breie granskinga av barnevernet som Senterpartiet har gjort framlegg om. På denne måten kan ein leggja eit godt grunnlag for dei endringane som må skje i barnevernet.

Samnanger kommune vil understreka at eit viktig tiltak vil vera ei autorisasjonsordning for barnevernstilsette.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**Dokument som er vedlagt:**

Vurdering av søksmål

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Fristavbrytande forliksklage til Bergen forliksråd

**Kva saka gjeld:**

Kommunestyret vedtok 11.06.2020 (sak 039/2020) å gje Advokatfirmaet Elden DA i oppdrag å førebu underlag for stemning med krav om erstatning (regress) i sak 2 i granskingsrapporten utført av advokatane Thea Totland og Geir Kjell Andersland. Det går fram av vedtaket at den eventuelle stemninga gjeld tidlegare barnevernsleiar i Samnanger kommune – og fylkesnemnda og tingretten som har handsama sak 2. Det vart gjeve ei økonomisk ramme for arbeidet på inntil 300 000 kroner.

Kommunen mottok 21.08.2020 følgjande dokument frå Advokatfirmaet Elden DA v/John Kristian Elden og Nadia Hall:

- Vurdering av søksmål
- Fristavbrytande forliksklage til Bergen forliksråd
- Oppdragsavtale for forliksklagen

Dokumentet «Vurdering av søksmål» følgjer som vedlegg til dette saksframlegget. Der går Advokatfirmaet Elden DA gjennom ulike juridiske sider knytt til sak 2 i granskingsrapporten til advokatane Thea Totland og Geir Kjell Andersland.

Vurdering av erstatningssøksmål mot tidlegare barnevernsleiar

På side 11 og 12 i dokumentet (*Kapittel 7 «Prosessrisiko og vår anbefaling»*) skriv Advokatfirmaet Elden DA mellom anna følgjande:

*«Etter en nøye gjennomgang og vurdering har vi kommet frem til at det foreligger betydelig søksmålsrisiko å fremme et søksmål mot tidligere barnevernsleder med krav om erstatning som er påført ved at han har opptrådt markert uforsvarlig i sin rolle som barnevernsleder i perioden 2004-2014. Dette basert på ein total helhetsvurdering. Et slikt søksmål reiser mange problemstillinger av juridisk karakter der utfallet av hvert av disse er usikkert. Særlig knyttes det usikkerhet til spørsmålet om rettslig årsakssammenheng. Årsaksbildet er komplisert, og det vil måtte en sakkyndig utredning av alle de tre barna for å fastslå nærmere både årsak til skade og skadeomfanget. Slike utredninger er kostbare og vil øke saksomkostningene betraktelig.*



*Videre hefter det uikkerhet hva gjelder hvordan barnevernssystemet er lagt opp med øverste myndighet vs øverste ansvar og hvilken rettslig betydning det vil få ved den totale rimelighetsvurderingen. Det hefter og en usikkerhet mtp. mulig foreldelse av regresskrav.*

*Vår anbefaling vil være at kommuneledelsen, fremfor et søksmål, heller utarbeider et system som sikrer god kvalitet i barnevernstjenesten. Målet må være å unngå alvorlig svikt i fremtiden, og at denne saken brukes som erfaringsgrunnlag for hvordan man skal styrke systemet. Det bør også utarbeides styringsverktøy og metoder for internkontroll.»*

Advokatfirmaet Elden DA har i samråd med ordføreren teke ut ein såkalla fristavbrytande forliksklage til Bergen forliksråd. Forliksklagen gjeld regresskrav mot tidlegare barnevernsleiar for utgifter som kommunen har hatt til oppreising, gransking og utgreiing, samt sakskostnader. Forliksklagen er teken ut for å sikra at kommunen vil ha regresskravet i behald dersom kommunestyret vel å ikkje følgja anbefalinga frå Advokatfirmaet Elden DA, men i staden vedtek å gå vidare rettsleg med erstatningskrav mot barnevernsleiar.

#### Vurdering av erstatningssøksmål mot staten

På side 12 i dokumentet (Kapittel 8 «Statens ansvar») skriv Advokatfirmaet Elden DA følgjande:

*«Vi kan ikke se at det kan foreligge noen rettslige muligheter for kommunen til å saksøke staten med krav tilsvarende regresskravet mot barnevernsleder som følge av vedtak fattet i Fylkesnemnda eller dommer avsagt av tingretten eller lagmannsretten i disse sakene. Vi går derfor ikke nærmere inn på dette subsidiære spørsmålet fra kommunen.»*

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Administrasjonen viser til vurderingane som Advokatfirmaet Elden DA har gjort, og anbefalingane deira.



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-F47
Arkivsaksnr: 20/605	Løpenr: 20/6584
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.09.2020	035/2020
Kommunestyret	16.09.2020	061/2020

## Plan og budsjett til førebuingssfasen for å byggja opp eige barnevern i Samnanger

### 03.09.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020 i sak 042/20 skal det etablerast nytt barnevern/familievern i Samnanger med verknad frå 01.06.2021. Til det førebuande arbeidet vert det sett ned eit arbeidsutval med følgjande medlemmer:*

- Ordførar Knut Harald Frøland - leiar, Bygdalista
- Varaordførar Øyvind Røen - Sp
- Shirin Kvernes Khadoor - Ap
- Øyvind Strømmen - MDG
- Rådmann Ingebjørg Vamråk
- NN Representant organisasjonen Samnanger kommune- rådmannen avgjer
- NN Representant organisasjonen Samnanger kommune- rådmannen avgjer
- NN Tillitsvald organisasjon Samnanger kommune
- Anders Opsahl - politikontakt Samnanger kommune
- Sekretær- rådmannen avgjer

*Det vert løyvd inntil 160.000 kroner til arbeidsutvalet sitt arbeid, med finansiering frå disposisjonsfondet.*

*Framlegg til modell for nytt barnevern/ familievern skal politisk handsamast av formannskap og kommunestyre. Framlegg skal leggjast fram i formannskapsmøtet 12.11.2020.*

*Arbeid med rekruttering av tilsette til nytt barnevern/ familievern skal sjåast i lys av framdrift i arbeidsutvalet sitt arbeid.*

*Arbeidsutvalet v/ leiar rapporterer til formannskapet.*

*Nytt barnevern/ familievern skal inngå i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021. Dette må og omfatta eventuelle kostnader til kontorlokale."*

Knut Harald Frøland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FORM- 035/2020 Vedtak:**

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020 i sak 042/20 skal det etablerast nytt barnevern/familievern i Samnanger med verknad frå 01.06.2021. Til det førebuande arbeidet vert det sett ned eit arbeidsutval med følgjande medlemmer:

- Ordførar Knut Harald Frøland - leiar, Bygdalista
- Varaordførar Øyvind Røen - Sp
- Shirin Kvernes Khadoor - Ap
- Øyvind Strømmen - MDG
- Rådmann Ingebjørg Vamråk
- NN Representant organisasjonen Samnanger kommune- rådmannen avgjer
- NN Representant organisasjonen Samnanger kommune- rådmannen avgjer
- NN Tillitsvald organisasjon Samnanger kommune
- Anders Opsahl - politikontakt Samnanger kommune
- Sekretær- rådmannen avgjer

Det vert løyvd inntil 160.000 kroner til arbeidsutvalet sitt arbeid, med finansiering frå disposisjonsfondet.

Framlegg til modell for nytt barnevern/ familievern skal politisk handsamast av formannskap og kommunestyre. Framlegg skal leggjast fram i formannskapsmøtet 12.11.2020.

Arbeid med rekruttering av tilsette til nytt barnevern/ familievern skal sjåast i lys av framdrift i arbeidsutvalet sitt arbeid.

Arbeidsutvalet v/ leiar rapporterer til formannskapet.

Nytt barnevern/ familievern skal inngå i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021. Dette må og omfatta eventuelle kostnader til kontorlokale.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020 i sak 042/20 skal det etablerast eige barnevern/familievern i Samnanger med verknad frå 01.06.2021.

Proessen med tilsetting av leiar for tenesta skal starta snarast råd. Leiaren skal vera prosjektleiar for arbeidet med etablering av eige barnevern/familievern.

Rådmannen får høve til å nytta rekrutteringsbyrå i arbeidet med rekruttering av leiar for barneverntenesta. Det vert løyvd inntil 160 000 kroner til rekrutteringsprosessen inkludert stillingsannonsering, med finansiering frå disposisjonsfondet.

Rådmannen får òg høve til å bruka ekstern konsulenthjelp for inntil 50 000 kroner til planlegging og oppstart av barneverntenesta, med finansiering frå disposisjonsfondet.

Framlegg til budsjett for barneverntenesta i 2021 må inngå i rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021 for Samnanger kommune. Dette må òg omfatta eventuelle kostnader til kontorlokale.

## Dokument som ikkje er vedlagt:

- Lov om barneverntenester  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>)
- Samarbeidsavtalar mellom Samnanger og Bergen om barneverntenester og barnevernvakt

## Kva saka gjeld:

Kommunestyret gjorde 18.06.2020 følgjande vedtak (sak 042/20):

«*Samnanger kommune avsluttar barnevernsavtale med Bergen kommune.*

*Det skal til møtet i formannskapet 3. september 2020 leggjast fram plan og budsjett til førebuingssfasen for å byggja opp eit eige barnevern/familievern i Samnanger kommune.»*

Samnanger har to samarbeidsavtalar med Bergen kommune som gjeld barnevern:

1. Samarbeidsavtale om oppgåver etter lov om barnevern
2. Samarbeidsavtale om barnevernvakt

Det går ikkje klart fram av kommunestyret sitt vedtak om begge desse avtalane skal avsluttast, eller om det berre er avtale nr. 1 som skal avsluttast. Dette må avklarast, men slik avklaring har ikkje vore nødvendig for administrasjonen sitt arbeid med dette saksframlegget.

Oppseiingstida på avtale nr. 1 er eitt år. Oppseiingstida på avtale nr. 2 er også eitt år, men med uttreding frå utgangen av kalenderåret. Samnanger vil - dersom anna ikkje vert avtalt med Bergen kommune - tidlegast kunne gå ut av avtale nr. 1 sommaren 2021, og ut av avtale nr. 2 ved årsskiftet 2021/2022.

Administrasjonen foreslår at det vert planlagt med at det skal etablerast eiga barnevernteneste i Samnanger frå og med 01.06.2021. Det vil seie at barneverntenesta i Samnanger skal vera fullt operativ frå og med denne datoen, og at aktive saker i barnevernet då skal overførast frå Bergen til Samnanger.

## Vurderingar og konsekvensar:

### Tilsetjing av leiar

Etter barnevernlova § 2-1 skal det i kvar kommune skal vera ein administrasjon med ein leiar som har ansvar for oppgåver etter barnevernlova. Tilsetjingsmynde for kommunale stillingar ligg etter kommunelova § 13-1 (sjuande ledd) til rådmannen (med unntak av mynde til tilsetting av rådmann), dersom ikkje anna er fastsett i lov.

Administrasjonen foreslår at det snarast mogleg vert sett i gang prosess med tilsetting av leiar for barneverntenesta, og at den nytilsette leiaren vert prosjektleiar for etableringa av barnevernteneste/familievern i Samnanger. Leiaren vil gjennom dette få stor påverknad og eigarskap til etableringa av barneverntenesta/familievernet.

Det bør truleg også opprettast ei eiga prosjekt- eller styringsgruppe for etableringa av eige barnevern i Samnanger. Både tilsette og folkevalde kan vera aktuelle som medlemmer i denne gruppa.

Administrasjonen foreslår at rådmannen får høve til å nytta bistand frå rekrutteringsbyrå i arbeidet med å rekruttere leiar. Å få tilsett «rett person» som leiar vil truleg vera svært viktig for at etableringa av eige barnevern/familievern i Samnanger skal verta mest mogleg vellukka. Bruk av rekrutteringsbyrå vil truleg kosta inntil mellom 100 000 og 150 000 kroner, men kan likevel vera ei god investering.

Det vil også verta utgifter til annonsering/stillingsannonse. Administrasjonen foreslår at det vert løyvd inntil 10 000 kroner til annonsering. Dette vil vera tilstrekkeleg til stillingsannonse på Finn.no. I tillegg vil stillinga verta lyst ut på kommunen si heimeside.

I utlysingsteksten for leiarstillinga bør det takast utgangspunkt i krav i barnevernlova og opplistinga i saksframlegget til kommunestyret 18.06.2020 i sak 042/20 om barnevern i Samnanger kommune. I tillegg bør administrasjonen rådføra seg med ordføraren, samt få hjelp frå ekstern konsulent (rekrutteringsbyrå) når utlysingsteksten skal skrivast.

Administrasjonen foreslår òg at det vert løyvd inntil 50 000 kroner til anna ekstern konsulenthjelp til planlegging og oppstart av barneverntenesta. Her kan det for eksempel vera aktuelt med hjelp frå Tor Monsen, som heldt ei orientering i kommunestyret 13.08.2020 og som tilbyr konsulenthjelp innanfor barnevern/oppvekst.

Det må påreknast at leiaren for barneverntenesta ikkje vil kunne starta i stillinga før om nokre månader, dersom me tek utgangspunkt i at vedkomande truleg har tre månaders oppseiingstid i noverande stilling. Leiaren bør uansett starta i stillinga snarast råd, for at det skal vera nok tid til planlegging, tilsetning av øvrige medarbeidarar i barneverntenesta, diverse avklaringar med Bergen kommune etc.

#### Organisering og lokalisering av barneverntenesta

Det må også sjåast på og avgjerast korleis barneverntenesta skal vera organisert og kvar den skal vera lokalisert. Spørsmålet om organisering treng ikkje avgjerast før ny leiar har starta i stillinga, og det kan også vera ein fordel at leiaren kan vera med på å bestemma organiseringa. Spørsmålet om lokalisering bør me starta å sjå på allereie no. Det vil vera viktig at barneverntenesta får disponera eigna kontorlokale inkl. møterom. Det kan eventuelt også sjåast på om det vil vera mogleg å samlokalisera barneverntenesta og andre tenester (for eksempel PPT, kommunepsykologen og helsestasjonen).

Det er i dag PPT og kommunepsykologen som disponerer lokala på kommunehuset som barneverntenesta hadde tidlegare. Desse lokala er pr. i dag dei einaste tilgjengelege på kommunehuset som har kontor med god lydiosolering, noko både PPT, kommunepsykologen og barneverntenesta må ha. Det er tre kontor i desse lokala, og alle desse vert i dag brukt av PPT (to kontor) og kommunepsykologen (eitt kontor). Dersom barneverntenesta skal overta desse lokala, må det finnast andre lokale/kontor til PPT og kommunepsykologen.

Det bør sjåast på ulike alternativ for lokalisering av barneverntenesta, både på kommunehuset og eventuelt i andre bygg. Eit alternativ kan for eksempel vera å byggja om det gamle biblioteklokalet i kjellaretasjen på kommunehuset, og la enten barneverntenesta eller PPT og kommunepsykologen flytta inn der. Dersom det vert bygd heis på kommunehuset og denne går over alle fire etasjane, vil det verta universell tilgjenge til det gamle biblioteklokalet, noko det ikkje er i dag. Det gamle biblioteklokalet vert i dag brukt til treningsrom for tilsette i brannvesenet. Dersom lokala skal omdisponerast til kontor, må det finnast anna treningsrom for tilsette i brannvesenet.

Teknisk drift har henta inn eit prisoverslag på følgjande ombygging/innredning av biblioteklokalet:

- 3 kontor
- 1 møterom med minikjøkken
- 1 venterom
- Ventilasjon

Prisoverslaget for ei slik ombygging er på ca. 670 000 kroner. I tillegg vil det koma kostnader til nytt belegg i trappa ned til det gamle biblioteklokalet, ca. 25 000 kroner. Dersom det også skal byggast heis på kommunehuset og denne skal gå over fire etasjar (heilt ned til etasjen der det gamle

biblioteklokalet ligg), vil det bli ein ekstrakostnad på om lag 110 000 kroner i forhold til om heisen berre skal gå over tre etasjar.

Det finst også fleire andre moglege alternativ til lokalisering, for eksempel å flytta andre tenester ut av kommunehuset. Eit eksempel kan vera at teknisk forvaltning flyttar til BKK sitt bygg på Frøland, men dette vil føra til at kommunen får auka leigeutgifter på Frøland. Det kan også vera eit alternativ å flytta tenester ut av andre kommunale bygg (for eksempel helsetunet), men dette vil truleg vera vanskeleg å få til.

Uansett vil det etter alt å døme medføre kostnader å få på plass eigna kontorlokale for barneverntenesta. Administrasjonen foreslår at rådmannen får ansvar for å leggja fram framlegg til lokalisering inkl. eventuelle nødvendige økonomiske løyvingar til ombygging, inventar etc. i budsjettframlegget sitt for 2021.

#### Stillingsbehov og budsjett 2021

Stillingsbehovet for det nye barnevernet/familievernet bør avklarast etter at leiaren for barneverntenesta har starta i stillinga. Det må også avklarast om nokon tilsette i barneverntenesta i Bergen eventuelt kan ha krav på å få tilbod om stilling i Samnanger kommune, jf. reglane i kapiitel 16 i arbeidsmiljølova om virksomhetsoverdraging.

Administrasjonen foreslår at det i budsjettet for 2021 vert lagt inn midlar basert på det Samnanger i dag betalar til Bergen kommune for barneverntenester. I tillegg bør det leggjast inn ekstramidlar til lønn for leiar av barneverntenesta i nokre månader i 2021 (fram til 01.06.2021). Det bør også leggjast inn ekstra lønnsmidlar for ein til to månader med «overlapping» for to andre tilsette i den nye barneverntenesta fram til 01.06.2021.

I budsjettet for 2020 ligg det følgjande midlar til kjøp frå Bergen kommune:

Kjøp av barneverntenester <i>Gjeld i utgangspunktet lønn for 2,55 årsverk, utgifter til husleige og driftsbudsjett, samt utgifter til barnevernvakt</i>	2 046 000
Barneverntiltak i familien	240 000
Barneverntiltak utanfor familien	3 756 000
<b>Sum</b>	<b>6 042 000</b>

Utgangspunktet for budsjettet for 2021 bør vera at betalinga til Bergen kommune opphøyrer når avtalen går ut (for eksempel 01.06.2021), og at Samnanger frå då av «overtek» desse midlane og utgiftene. Utgifter til barnevernvakt (ca. 80 000 kroner pr. år) må eventuelt uansett betalast til Bergen kommune heilt fram til 31.12.2021, jf. oppseiingstida i avtalen. Det som i utgangspunktet må løyvast ekstra i 2021 (i tillegg til eventuelle kostnader til ombygging av kontorlokale, inventar etc) vil då vera følgjande:

- Lønnsmidlar for leiar for barneverntenesta i perioden ca. 01.01.2021 – ca. 31.05.2021.
- Lønnsmidlar for to andre tilsette i barneverntenesta i perioden ca. 01.05.2021 – ca. 31.05.2021.
- Midlar til rekrutteringsprosess for to andre tilsette (stillingsannonse).
- Midlar til innkjøp, innføring og drift av administrativt fagsystem (datasystem) for barneverntenesta. Administrasjonen er i dialog med IKT Nordhordland om dette. IKT Nordhordland gjennomfører for tida konkurranse om nytt datasystem for barnevern for medlemskommunane sine, og Samnanger vil kunne ta i bruk det systemet som vert valt av IKTNH. Det er pr. i dag ikkje klart kva system dette vil bli eller kva kostnader dette vil medføre for Samnanger.
- Midlar til innkjøp av datautstyr m.m. til tilsette i barneverntenesta.
- Eventuelle andre nødvendige utgifter.

Administrasjonen foreslår også her at rådmannen får ansvar for å leggja fram konkret framlegg til nødvendige økonomiske løyvingar i budsjettframlegget sitt for 2021. Det er viktig å vera merksam på at det også kan verta avdekka ytterlegare tilleggsbehov i løpet av prosjektfasen.

Dersom det skal tilsetjast leiar og erfarent høgskuleutdanna personell i til saman 2,55 årsverk i barneverntenesta, vil sannsynlege årlege lønnsutgifter verta rundt 2 millionar kroner inkludert feriepengar, pensjonsavgift og arbeidsgjevaravgift. Me betalar i dag 1,6 – 1,7 millionar kroner i årlege lønnsutgifter til Bergen kommune, samt utgifter til husleige, drift og barnevernvakt, til saman litt over 2 millionar kroner. Det er pr. i dag usikkert om Samnanger vil kunne driva eiga barnevernteneste innanfor denne kostnadsramma for lønnsutgifter, administrasjon m.m..

På den andre sida kan det vera ei målsetting at andre noverande utgifter (til barneverntiltak utanfor familien) etter ei tid kan reduserast når barneverntenesta er tilbakeført til Samnanger, og at dei samla årlege utgiftene til barnevern ikkje skal verta større enn i dag.